



# Årsbudsjett 2023 Økonomiplan 2023-2026

Vedteken i kommunestyret 15.12.2022



Sogndal kommune

/// Livskvalitet og utviklingskraft i Sogn

## Innhold

Innleiing.....	5
Organisering.....	6
1 Nasjonale forventningar.....	7
1.1 Kommunelova .....	7
1.2 Nasjonale rammevilkår .....	7
1.3 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging .....	8
2 Planmessige føresetnader.....	9
2.1 Planhierarkiet .....	9
2.2 Samfunnsplanen som verktøy .....	9
2.3 Satsingsområda i samfunnsplanen.....	10
3 Økonomiske føresetnader og rammevilkår .....	11
3.1 Renteutvikling på lån .....	11
3.2 Avkastning på innskot i bank og finansielle omløpsmidlar .....	12
3.3 Lønns- og prisvekst .....	12
3.4 Folketalsutvikling .....	13
3.5 Ressursbruk KOSTRA.....	14
4 Hovudoversikter .....	16
4.1 Løyvingsoversikt drift (Løyvings skjema 1) .....	16
4.2 Driftsinntekter .....	17
4.3 Finansielle inntekter og utgifter .....	19
4.4 Driftsutgifter - tenesteproduksjon.....	21
4.5 Økonomiske måltal .....	21
4.6 Økonomisk oversikt drift .....	24
5 Sektorområda sine budsjett .....	25
5.1 Administrasjon.....	25
5.1.1 Kort om sektoren .....	25
5.1.2 Sektoren si oppfølging av samfunnsplanen .....	26
5.1.3 Overordna mål og sektorsatsingar.....	26
5.1.4 Innsparingstiltak .....	26
5.1.5 Driftsbudsjett .....	27
5.2 Oppvekst.....	28
5.2.1 Kort om sektoren .....	28
5.2.2 Sektoren si oppfølging av samfunnsplan .....	28
5.2.3 Andre sektorsatsingar.....	29
5.2.4 Innsparingstiltak .....	29
5.2.5 Driftsbudsjett .....	29
5.3 Helse og omsorg .....	32

5.3.1	Kort om sektoren .....	32
5.3.2	Sektoren sin oppfølging av samfunnsplan .....	32
5.3.3	Andre sektorsatsingar.....	33
5.3.4	Innsparingskrav .....	33
5.3.5	Driftsbudsjett .....	34
5.4	Plan og teknisk .....	36
5.4.1	Kort om sektoren .....	36
5.4.2	Sektoren sin oppfølging av samfunnsplan .....	37
5.4.3	Overordna mål og sektorsatsingar.....	37
5.4.4	Innsparingskrav .....	37
5.4.5	Driftsbudsjett .....	37
5.5	Samfunnsutvikling, kultur og innovasjon.....	40
5.5.1	Kort om sektoren .....	40
5.5.2	Overordna mål og sektorsatsingar.....	41
5.5.3	Innsparing .....	41
5.5.4	Driftsbudsjett .....	41
5.6	Kraft .....	43
5.7	Fellesområde lønnsavsetting og pensjon.....	43
6	Investeringsprogram 2023-2026 .....	45
6.1	Investeringsbudsjett.....	45
6.2	Utlån formidlingslån .....	46
6.3	Økonomisk oversikt spesifisert per prosjekt.....	46
6.4	Prosjektomtalar .....	48
6.4.1	Inventar og utstyr.....	48
6.4.2	IKT .....	48
6.4.3	Bygningar .....	49
6.4.4	Veg og parkering .....	51
6.4.5	Vatn og avløp .....	52
6.4.6	Bustadfelt og reguleringsplanar .....	53
6.4.7	Kyrkja .....	53
6.4.8	Andre investeringar .....	54
6.4.9	Aksjar og andelar .....	54
6.5	Utgreiingsoppgåver .....	54
6.5.1	Nytt bustadområde - Henjabakkane .....	54
6.5.2	Sal av Solhov .....	54
6.5.3	Symjebasseng på Leikanger .....	54
6.5.4	Alternativ bruk av Trudvang skule.....	54
7	Klimabudsjett 2023-2026 .....	56
7.1	Klimamåla til Sogndal kommune .....	57
7.2	Innsatsområde.....	59

7.3	Direkte utslepp i kommuneorganisasjonen .....	60
7.4	Indirekte utslepp i kommuneorganisasjonen .....	61
7.5	Indirekte utslepp frå energibruk i kommuneorganisasjonen .....	63
7.6	Direkte utslepp i Sogndal kommune som geografisk område .....	63
	64	
8	Vedlegg .....	68

## Innleiing

Me legg til grunn at årsbudsjettet 2023 og økonomiplan for 2023-2026 byggjer på realistiske prognosar på utgifter og inntekter. Me nyttar det handlingsrommet me har til å prioritere tiltak som bidreg til at Sogndal kommune utviklar seg i tråd med kommunen sine vedtekne mål og strategiar. Dei økonomiske måltala syner at Sogndal kommune har små marginar i drifta. Me må difor jobbe vidare med å redusere utgiftsnivå, samstundes med at me endrar oss for å møte innbyggjarane sine behov for tenester. Sogndal kommune har ein sterk folketalsvekst. Dette gjev både kommunen mange mogelegheiter, men føreset samstundes at kommunen aukar omstillingstakta. Samfunnsplanen sine satsingsområde skal hjelpe oss å nå måla våre:

- Best på oppvekst
- Skapt for aktiv livsstil
- Kompetansemiljø i eliteserien
- Fruktbare tettstadar
- Utviklingslokomotiv i Sogn


2023 er det fjerde driftsåret i nye Sogndal kommune og driftssituasjonen er framleis krevjande. Budsjettet viser eit negativt netto driftsresultat i 2023 på 24,4 mill. kroner. Netto driftsresultat frå 2024 er positivt. I 2026 syner økonomiplan eit nettodriftsresultat 6,2 mill. kroner. Underskotet i drifta i 2023 kan i stor grad forklarast ved at kommunen byggjer ned sjølvkostfond innanfor vatn og avløp og at innsparingskrava i pleie og omsorg er redusert for 2023. Det reduserte innsparingskravet betyr ikkje at omstillingsbehovet i sektoren er blitt mindre, berre at det trengst meir tid for å klare omstillinga. Hovudgrepet for å oppnå balanse i økonomiplan er auken i skattesatsen for eigedomsskatt for bustad og fritidshus, og den omfattande omstillinga i helse og omsorg. På investeringssida er det særleg innanfor oppvekst, at me har behov for auka kapasitet. Det er sett i gang plan- og utgreiingsprosessar for å finne dei framtidretta løysingane. Det er òg planlagt betydelege investeringar innanfor vatn og avløp.

Norsk økonomi går elles godt med høg vekst og låg arbeidslause. Samstundes er det stor prisauke på innsatsvarer (mat, energi og andre råvarer) og ein stor auke i inflasjonen. Renta er sett opp for å kjøle ned økonomien. Krigen mellom Russland og Ukraina påverkar den norske økonomien både direkte og indirekte. Til dømes har gassprisane auka, forsvaret har fått auka løyvingar, og utgiftene til å handtere flyktningsituasjonen har auka. Krigen endrar nasjonal og internasjonal politikk, og redusert sårbarheit og sikring av forsyningar av strategiske varer (mat, energi og andre råvarer) har blitt viktigare. Med stor uvisse om den økonomisk utviklinga blir det uvisse om skatteinntekter, som er ein vesentleg inntektspost for kommunane. Vidare er det uvisst kva som blir dei langsiktige konsekvensane av pandemien for kommunane, til dømes utgifter knytt til rus, psykiatri og utanforskap.

Auka levekostnadar vil me sjå att i kommunen sine utgifter til økonomisk sosialhjelp. Aktiv bruk av formidlingslån vil vere viktig for at fleire skal kunne komme seg inn på bustadmarknaden. I tillegg kjem handteringa av flyktningsituasjonen der dei økonomiske konsekvensane vil vere gjeldande i mange år framover.

Årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 består av fem delar:

- Innleiing med planmessige og økonomiske føresetnader kap. 1-3
- Driftsdel med hovudoversikter og sektorområda sine budsjett kap. 4-5
- Investeringsdel med investeringsprogram for planperioden kap. 6
- Klimabudsjett for Sogndal kommune kap. 7
- Vedlegg med oversikt over handsaming og pris- og gebyrhefte



# 1 Nasjonale forventningar

## 1.1 Kommunelova

### § 1-1 Lovens formål

*«Loven skal legge til rette for at kommuner og fylkeskommuner kan yte tjenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggerne. Loven skal også legge til rette for kommunenes og fylkeskommunenes utøvelse av offentlig myndighet. Videre skal loven bidra til at kommuner og fylkeskommuner er effektive, tillitsskapende og bærekraftige.»*

Krav til økonomistyring:

### § 14-1 Grunnleggende krav til økonomiforvaltningen

*«Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.*

*Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.*

*Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.»*

Det er vidare lovfesta at kommunestyret sjølv skal vedta økonomiplan og budsjett og finansielle måltal. Oppfølging av måltala føreset at handlingsreglar vert lagt til grunn for økonomiplanlegginga.

Handlingsreglane bør minimum ta for seg desse storleikane:

- fondsreservar
- likviditet
- langsiktig gjeld

Kommunane har sjølv ansvaret for god økonomistyring. Kommunar med sunn økonomi og eit handlingsrom vil kunne møte innstramningar eller uføresette hendingar ved å redusere driftsresultatet eller bruke tidlegare avsetningar, utan at det får direkte konsekvens for tenestenivået. Økonomiplanen er eit sentralt styringsverktøy for ressursstyring.

Økonomiplanen skal ta utgangspunkt i kommuneplanen sine langsiktige mål, strategiar og utfordringar og seier korleis kommunen skal bruke sine ressursar for å nå vedtekne mål. Økonomiplanen gjev såleis retning for utvikling av kommunen sine tenestetilbod og retning for samfunnsutviklinga.

## 1.2 Nasjonale rammevilkår

### Inntektssystemutvalet

Eit ekspertutval vart i mai 2020 sett ned for å gjere ei heilskapleg vurdering av inntektssystemet.

Inntektssystemutvalet sitt mandat hadde desse hovudpunkta:

- vurdere dagens inntektssystem og dei ulike elementa i inntektssystemet
- kome med framlegg til utforming av inntektssystemet for kommunane

Prinsippa om rammefinansiering og generalistkommunar ligg fast. Det same gjer prinsippet om at utforming av inntektssystemet skal haldast innanfor ei provenynøytral ramme, som ikkje endrar det totale skattetrykket, men som er ei rein omfordeling. Regjeringa sitt utgangspunkt var at alle kommunar skal settast i stand til å tilby innbyggjarane likeverdige og gode kommunale tenester.

Inntektssystemutvalet leverte sin rapport i slutten av august 2022. Framlegget er no på høyring med høyringsfrist 4.januar 2023. Endringar i inntektssystemet vert tidlegast innarbeidd frå 2024.

### **Statsbudsjettet 2023**

Statsbudsjettet vart presentert 6. oktober og dei vesentlege endringane er summert nedanfor:

I kommuneproposisjonen for 2023 la regjeringa opp til ein realvekst i frie inntekter til kommunane på mellom 1,8 og 2,3 mrd. kroner. I statsbudsjettet blir det lag topp til ein realvekst i kommunesektoren på 2,6 mrd. kroner. Vekst i frie inntekter skal mellom anna dekke meirkostnader knytt til demografi.

Saker som får følgjer for kommunen:

- Tilskot til ressurskrevjande tenester vert vidareført, men innslagspunktet for tilskot aukar frå 1,47 mill. kroner til 1,53 mill. kroner
- Gratis 12 timar SFO for 1. klasse vert vidareført i 2023
- Makspris for brukarbetaling i barnehage vert redusert til 3000 kroner per måned.
- Gratis barnehage frå tredje barn frå 1.august 2023.
- Endringar i tilskot til fastlegar. Ei omlegging frå knekkpunkttillegg til risikoustert basistilskot. Det risikobaserte basistilskotet frå 1.mai 2023 er føreslått å ta omsyn til alder, kjønn og indikator for helsetilstand.
- Overgangsordning pensjon private barnehagar blir gradvis fasa ut.
- Trekk i rammetilskotet for kommunar med høge kraftinntekter. Det vil gi innteksreduksjon for Sogndal kommune i 2023, men fordelinga på trekket er enno ikkje avklart. *Sjå omtale under rammetilskot og kraft.*
- Ulike tiltak og tilskotsordningar retta mot t.d. barnevern, skule og barnehage.
- Investeringstilskot for utleigebustader er føreslått avvikla og det er forslag om at det ikkje vert tildelt nye tilskot til bygging av omsorgsbustader og sjukeheimar i 2023.
- Framlegg om auke på 5 prosent i arbeidsgjevaravgift for tilsette med årslønn over 750000 kroner.

Dei økonomiske konsekvensane av endringar i framlegg til statsbudsjettet 2023 er i stor grad teke høgde for i budsjettet. Endeleg effekt av statsbudsjettet ser vi først etter vedtak i Stortinget.

### **1.3 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging**

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje berekraftig utvikling i heile landet. Dette er forankra i plan og bygningslova § 6-1. Dei nasjonale forventningane skal følgast opp i kommunen sitt arbeid med planstrategi og planar, og leggast til grunn for staten si medverknad i kommunal planlegging. For perioden 2019-2023 har regjeringa peika på desse fire store utfordringane:

- Å skape eit bærekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk bærekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt bærekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle



Kommunane har viktige oppgåver i oppfølging av desse utfordringane. Planlegging er det viktigaste verktøyet. Regjeringa har bestemt at FN sine 17 bærekraftsmål, som Noreg har slutta seg til, skal ligge til grunn for korleis vi skal møte utfordringane.

## 2 Planmessige føresetnader

### 2.1 Planhierarkiet

**Samfunnsplanen** ligg øvst i planhierarkiet og gjeld alt kommunen gjer. I tillegg spelar den opp til innbyggjarane og alle andre aktørar i kommunen. Planen har eit ti-årsperspektiv og vert rullert kvart fjerde år. Samfunnsplanen skal etter lova ha ein handlingsdel, og i Sogndal kommune vil økonomiplanen utgjere handlingsdelen.

**Arealdelen av kommuneplanen**, med påfølgjande områdeplanar og detaljreguleringsplanar, set rammene for framtidig arealbruk i kommunen. Arealdelen har som hovudregel eit ti-årsperspektiv, og vert rullert kvart fjerde år.

**Strategiar** er politisk forankra styringsdokument. Døme er planstrategi, digitaliseringsstrategi, oppfølgingsplan for heilskapleg ROS-analyse og strategi for bustad, arbeid, klima og transport (BAKT). Strategiane gjeld som hovudregel for fire år eller meir. Planstrategien skal utarbeidast første år i kommunestyreperioden og gjeld som hovudregel ut perioden.

**Økonomiplanen** er ein langsiktig plan for kommunen sine økonomiske prioriteringar. Økonomiplanen gjeld for fire år og vert rullert kvart år saman med utarbeiding av årsbudsjetta.

I juni 2021 vedtok kommunestyret ny samfunnsplan. Denne legg dei overordna føringane for alt arbeid som Sogndal kommune skal gjere, og for korleis samfunnet skal utvikle seg i åra framover. Samfunnsplanen har tre overordna mål som skal ramme inn all aktivitet. Desse tre måla kan brukast til å kontrollere om det me gjer, måten me gjer det på og retninga me går er med på å bygge opp under **skaparkraft, livskvalitet og miljømedvit**.

For budsjett 2023 koplpar kommunedirektøren kvar sektor sine satsingar opp mot hovudmåla i samfunnsplanen. Nokre satsingar er på tvers av sektorar – dette siste er avgjerande for å nå dei overordna måla.

### 2.2 Samfunnsplanen som verktøy

#### **Dette er oss – visjon, posisjon og verdier**

*Visjon - livskvalitet og utviklingskraft i Sogn.*

Livskvalitet fordi me vil at innbyggjarane skal kunne leve det gode liv i kommunen vår. Livskvalitet har alltid vore viktig for sogningen, og nærleiken til fjelltoppane, fjorden og skogen skapar rammer rundt kvardagslivet som mange set pris på. Utviklingskraft fordi me vil vere ein kommune som skapar vår eiga utvikling, og har innbyggjarar som finn rom for å nytte si eiga skaparkraft. Sogn fordi Sogndal ønskjer å bidra til ei utvikling som er større enn oss sjølve, og vil spele på lag med regionen vår.

*Posisjon: Utfordrarbygda?*

Sogndal kommune er fylt av livskraftige lokalsamfunn som er stolte av kven dei er. Ofte på trass av føresetnadar frå naturen og samfunnstrendar meir enn på grunn av. Sjølv om bygdene er ulike i storleik og har kvar sin eigenart, så deler dei ein vitalitet og ein styrke. Dette gjev dei som bur der trua på at dei er i stand til å skape si eiga utvikling, trass store trendar som globalisering, urbanisering og digitalisering. Dei står i ein utfordrarposisjon og tek opp kampen med dei store.

*Verdier:* Verdiane våre er forkorta **S-O-G-N** og skal gje oss retning i vår arbeidskvardag.

Me ønskjer å jobba tverrfagleg, tek felles ansvar og *samskapar* med dei som bur og lever her. Me er ein *open* og transparent kommune, der me er opne for andre sine tankar, idear og innspel. Me møter kvarandre med respekt og omsorg, gjer kvarandre *gode* og leverer tenester med rett kvalitet. Me er *nysgjerrige* på kvarandre, inviterer til mangfald og grup nye moglegheiter.

### 2.3 Satsingsområda i samfunnsplanen

Samfunnsplanen gjev retning for alt kommunen gjer. Den er innramma av tre overordna mål:

**livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit.** Alt me

gjer, og alt me satsar på skal vere i samsvar med desse overordna måla. Vidare tek samfunnsplanen ein posisjon: Me skal vere **utfordrarbygda**. Det speglar levande og livskraftig lokalsamfunn i heile kommunen, men betyr òg at kommunen sjølv skal tørre å utfordre. Det gjeld eigen praksis, dei rundt oss og overordna styresmakter. Utfordrarbygda skal bruke verdiane til å utfordre oss sjølv og andre på å vere samskapande, open, god og nysgjerrig. Uavhengig av sektor, teneste og arbeidsstad.

Det er dei fem satsingsområda som skal gje overordna retning. Best på oppvekst, skapt for aktiv livsstil, kompetansemiljø i eliteserien, fruktbare tettstadar og utviklingslokomotiv i Sogn er alle tydelege på retning, og vidfemnande nok til å kunne gje retning for alt me gjer. Mesteparten av samfunnsplanen seier noko om korleis me skal jobbe, og har såleis ikkje konkrete økonomiske konsekvensar – det skal løysast i kvardagen i tenestene. I tillegg peikar samfunnsplanen på nokre spesifikke føringar for økonomiplanen.

- a. Områdeplanar for tettstadane
- b. Bustadinvesteringar – bustadpolitisk og bustadsosialt
- c. Nye og oppgradering av barnehagar og skular
- d. Torg og aktivitetsparker
- e. Møteplassar for ungdom
- f. Frivilligsentralar med utlånsordningar
- g. Subsidiering av tilbod for utsette grupper
- h. Rekreasjonsområde, aktivitetsanlegg, fjordstiar, turveggar, treningsområde, leikeplassar, kvileplassar og møteplassar
- i. Infrastruktur for gange og sykkel
- j. Parkeringsanlegg
- k. Veginvesteringar
- l. Sognepunkt – infrastruktur for parkering, informasjon, toalett mm.
- m. Anlegg for fjordvarme og eller andre klimavenlege energiløysingar
- n. Digitale verktøy for tilsette og innbyggjarar
- o. Utbygging av 5G i regionen
- p. Regionale utviklingsprosjekt

Ikkje alt kan realiserast på ein gang, og lista er ikkje nødvendigvis uttømmande. Der kunnskapsgrunnlaget manglar eller er for dårleg, vil ressursbruken i budsjett- og økonomiplansamanheng også kunne handle om kunnskapsinnhenting og kartleggingar. Dette vil



dels verte løyst innanfor rammene, og dels ved å kjøpe kapasitet og kompetanse eksternt. Samfunnsplanen gjeld i 10 år, og satsingane vil måtte realiserast over fleire økonomiplanperiodar.

I kapittel 5 gjer dei ulike sektorane greie for korleis sine satsingar og investeringar er knytte til samfunnsplanen.

### 3 Økonomiske føresetnader og rammevilkår

#### 3.1 Renteutvikling på lån

Rentebana som er lagt til grunn i budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 er summert i tabell 3.1 og illustrert i figur 3.2.


Tabell 3.1 Oppdatert Rentebane

	2022	2023	2024	2025	2026
Rentebane ØP 23-26	2,08 %	3,42 %	3,50 %	3,44 %	3,41 %
Rentebane ØP 22-25	1,75 %	2,12 %	2,21 %	2,19 %	-

Kjelde: KNB finans, oppdatert oktober 2022

Det er forventa at lånerenta skal auke frå 22 til 23 og så flate meir ut og kanskje bli noko redusert.

Figur 3.2 Renteutvikling illustrert



Sogndal kommune har fastrente på noko av gjelda og rentenivået kommunen står ovanfor vil difor avvike frå flytande marknadsrenter. Like fullt ser ein også ei auke i estimert rentenivå for Sogndal kommune, i forhold til førre økonomiplan med 1,3 % i 2023 og 0,7 % i 2024 og 2025. Eit enkel døme på effekten er at 1-prosentpoeng renteauke og 1 mrd. kroner i gjeld medfører årleg kostnadsauke på 10 mill. kroner.

## 3.2 Avkastning på innskot i bank og finansielle omløpsmidlar

Sogndal kommune har om lag 100 mill. kroner til forvaltning. Midlane er fordelt på aksjar, obligasjonar (fond) og bankinnskot. Forvaltninga av midlane følgjer vedteke finansreglement. Avkastninga i 2022 per 30.08 er på minus 0,4 mill. kroner. Det vert likevel lagt til grunn ei forventa avkastning på 3,5 % i budsjett og økonomiplanperioden. På bankinnskot er det lagt til grunn ei avkastning på 3 %.

## 3.3 Lønns- og prisvekst

Deflator for kommunesektoren vert utarbeidd av finansdepartementet i samband med statsbudsjettet. Kommunal deflator for 2023 er 3,7 %. Kommunal deflator er ei 40/60 vekting av prisvekst på 3 % og ein lønsvekst del på 4,2 %. Prisveksten i 2022 har vore mykje høgare enn det som har var prognose i RNB og dette gjer at kommunane får ein auke i kostnadsnivået som blir vidareført i 2023, men som ikkje er finansiert i rammeoverføringar frå staten.

### Utgifter


I budsjettering av lønsutgifter i 2023 er lønnsvekst på 4,2 % lagt til grunn. Prisvekst på varer og tenester er lagt inn med 3 prosent. Prisvekst i ein skilde sektorar kan vere vesentleg høgare enn 3 %. Prisauke utover 3 % er berre teke høgde for i forhold til straumutgifter. Der er det lagt inn 20 mill. kroner til å dekke straumutgifter i 2023. Auken er ikkje vidareført i økonomiplanperioden.

### Inntekter

I budsjettet er prisjustering på 3 % og kommunal deflator på 3,7 % lagt til for justering av dei fleste kommunale avgifter og gebyr.

På sjølvkostområda innan vatn og avløp, feiing og renovasjon ligg eigne sjølvkostberekningar til grunn. Samla gebyrauke frå 2022 til 2023 er på 8,4 %. Utsleppsløyve aukar mest med 14,2 %. I perioden 2021 til 2026 er det lagt til grunn ein samla gebyrauke for kommunale avgifter på 1975 kroner, frå 9695 kroner til 11670 kroner. Beløpa er inklusiv mva. Gjennomsnittleg årleg auke på 3,1 %. Sjå figur 3.2 nedanfor.

Figur 3.2 Årsgebyr for kommunale avgifter i økonomiplanperioden inkl. mva



Husleige for kommunale utleigebustader vert regulert kvart år med konsumprisindeksen (KPI) for september. KPI for september 2022 er på 6,9 %.

Alle utgifter og inntekter i økonomiplan er framskrive i 2023-prisar.

### 3.4 Folketalsutvikling


Folketalet i Sogndal kommune 1.1.2022 var 12.097 personar. I tredje kvartal hadde folketalet vokse til 12.145 personar. Folketalet i kommunen har vokse med om lag 1100 personar sidan 2012. Veksten i folketalet har primært vore i Sogndal sentrum, Kaupanger og Leikanger. Dei andre kretsane har hatt ein liten nedgang i folketalet i same periode. Både låg, middels og høgvekst i folketalet synt i figur 3.3 nedanfor. Folketalsveksten i Sogndal ligg over landsnittet.

Figur 3.3 Folketalsframskriving Sogndal kommune 2022 til 2025

## 4640 Sogndal

Kjønn: **Begge kjønn**

Aldersgruppe: **Alle aldersgrupper**



Det lages flere alternativer, med ulike kombinasjoner av forutsetninger om de demografiske komponentene på nasjonalt nivå. Alternativene beskrives med fire bokstaver som forteller hvilke forutsetninger som er brukt om: 1) fruktbarhet, 2) levealder, 3) innenlandske flyttinger og 4) innvandring. H = høy, M = medium og L = lav. Hovedalternativet, MMMM, bruker mellomnivået for alle de fire komponentene.

I arbeidet med budsjett og økonomiplan er SBB sitt middels vekst alternativ lagt til grunn. Dette har særleg innverknad på berekning av rammetilskot og andre sentrale inntekter.

Tal innbyggjarar og alderssamansetjing er heilt likevel sentralt for å planlegge tenestebehovet i kommunen. Til dømes innebære fleire eldre auka behov i helse- og omsorgstenester framover i tid og auka tal innbyggjarar mellom 0 og 17 år påverkar tenestebehovet i oppvekst.

Dei neste fire åra er det venta at tal eldre over 90 skal ligge stabilt, medan det er ein vekst i tal eldre 67-89 år. Det er elles venta ein auke i tal elevar i grunnskulen dei neste fire åra. Det var relativt høge fødselstal frå 2016-2021 i kommunen.

Innvandring har minka siste 10 år, medan innanlandsk innflytting har auka. I 2022 har kommunen busett over 100 flyktningar slik at tala for innvandring igjen vil stige i løpet av 2022. Tal for utflytting har vore lægre enn tala for innflytting i tiårs perioden frå 2012.

Staten tek utgangspunkt i folketal i si fordeling av sentrale inntekter til kommunane. *Utgiftsutjamning* i rammetilskotet blir fordelt etter folketal per 1. juli året før budsjettåret. *Inntektsutjamning* vert fordelt etter folketal per 1. januar i budsjettåret. Auka inntekter inneber ikkje nødvendigvis auka handlingsrom for kommunen, men vil heller gå til å dekke eit aukande tenestebehov.

### 3.5 Ressursbruk KOSTRA

Kommunelova legg til grunn at kommunar skal vere «effektive» og at planlegginga skal vere «realistisk» og ta omsyn til status og utviklingstrekk i kommunen (jf. kommunelova § 1-1 og 14-1).

I tabellen nedanfor er ressursbruken i Sogndal kommune samanlikna med gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 8 og Vestvågøy, ein kommune i Nordland, med samanliknbart innbyggjartal og som er i same KOSTRA-gruppe. KOSTRA-gruppe 8 er kommunar med innbyggjartal mellom 10000-19999 og middels til høge korrigererte inntekter. I tillegg er ressursbruken, som i fjor, samanlikna med Voss herad, Stad og Luster kommunar. Vestvågøy har brutto driftsinntekter på 95892 kr per innbyggjar i 2021. Sogndal kommune hadde tilsvarande 113010 kr. Snittet i KOSTRA-gruppa var på 114450 kr.

Tabell 3.4 Netto driftsutgifter per innbyggjar og formål samanlikna med andre

	Sogndal	Kostragr. 08	Vestvågøy	Stad	Voss herad	Luster
Pleie og omsorg	26 936	23 047	19 815	22 000	19 730	23 591
Grunnskole	16 296	17 399	16 953	15 679	17 166	18 516
Barnehage	9 460	10 099	8 784	8 919	9 975	10 729
Adm, styring og fellesutgifter	7 284	6 958	5 600	6 009	6 267	7 029
Sosiale tenester	2 902	3 113	3 461	3 280	4 068	3 865
Kommunehelse	4 417	4 618	4 473	3 591	3 539	4 236
Barnevern	1 503	2 422	1 527	1 536	3 007	2 177
Kultur og idrett	1 839	3 129	2 816	2 217	2 453	3 501
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1 265	1 038	534	991	847	1 318
Andre områder	2 868	2 692	4 435	4 442	4 918	-6 153
Brann og ulykkesvern	1 540	1 356	1 120	831	920	1 258
Kommunale boliger	208	-108	13	345	845	457
Samferdsel	1 023	1 968	2 033	2 195	2 298	2 959
Næringsforv. og konsesjonskraft	-573	-1 271	520	220	144	-12 077
Kirke	670	747	749	851	711	1 250
<b>Totalt</b>	<b>74 770</b>	<b>74 514</b>	<b>68 397</b>	<b>68 665</b>	<b>71 971</b>	<b>68 808</b>

Tabell 3.4 viser at driftsutgifter totalt vert påverka av at fleire kommunar, inkludert Sogndal kommune, har hatt netto inntekter på kraftsal og liknande i 2021. Innanfor grunnskule, barnehage, kultur, idrett, kommunehelse og sosiale tenester har Sogndal kommune utgifter som under gjennomsnittet i KOSTRA-gruppa. I pleie og omsorg, administrasjon, styring og fellesutgifter, plan, brann og ulykkesvern er utgiftene høgare enn snittet i KOSTRA-gruppa.

Faktorar som påverkar utgifter og som kan forklare skilnader er til dømes:

- *struktur* (storleik og tal på einingar),
- *bygg* (nye bygg med høg avskrivning, eller eldre bygg med mykje vedlikehald),
- *bemannning* (grunnbemanning, lønnsansiennitet/kompetanse, vikarbruk og overtid),

- *tenestestandard og kvalitet* (vedtak og vedtaksoppfølging, ikkje lovpålagte tenester og prioriteringar)
- *inntekter* (brukarbetaling, tidsfristar)
- *vedteken politikk*

Det er òg desse faktorane me må sjå på for å unytte handlingsrommet som me har, til å kunne effektivisere drifta av tenestene i kommunen.

Det teoretiske handlingsrommet som KOSTRA viser gir eit grunnlag for å stille spørsmål ved kommunen si organisering og drift av eit bestemt tenesteområde. Dersom me kan forklare ressursbruken, og kjenner igjen dette som ønska politikk og berekraftig økonomi, så ligg det til kommunalt sjølvstyre å halde fram.

Ein analyse av drifta ligg til grunn for dei innsparingskrava som vart vedtekne i økonomiplan 2022-2025 og som er realisert, eller vidareført i økonomiplan 2023-2026. Sjå elles kommentar under driftsdelen seinare i dokumentet.

## 4 Hovudoversikter

Kommuneloven § 14-4 Økonomiplan og budsjett og forskrift om økonomiplan, årsbudsjett og årsrekneskapet § 5-1 og § 5-4 set krav til innhald i årsbudsjettet og økonomiplan. Mellom anna oppstillingar som skal vere med i løyvingsoversikta i driftsdelen (løyvingsskjema 1). Kommunelova med forskrift set ikkje bestemte krav til oppstilling av sektorane sine budsjett og løyvingsskjema 2. Dette er opp til kommunestyret som har budsjettmynde.

For spesifikasjonar av rammene for sektorområda vert det vist til kap. 5.

### 4.1 Løyvingsoversikt drift (Løyvingsskjema 1)

Løyvingsskjema 1 inneheld dei inntekter og utgifter i driftsdelen til økonomiplan, som ikkje er knytte til særskilde tenesteområde. Samla budsjetttrammene for tenesteområda (løyvingsskjema 2) er oppført samla i linje 6. Sum for løyvingsskjema 2 syner totalramma for tenesteområda ekskl. avsetjing og bruk av fond. Avsetting og bruk av fond på tenesteområda er oppført på eigne linjer.

Tabell 4.1 Løyvingsoversikt drift (løyvingsskjema 1)

<b>Løyvingsskjema 1</b>		Beløp i 1000	Budsjett	Økonomiplan	Økonomiplan	Økonomiplan	Regulert	Rekneskap
kroner			2023	2024	2025	2026	Budsjett	2021
			2022					
1	Rammetilskot		-473 217	-472 888	-473 496	-473 503	-423 507	-437 845
2	Inntekts- og formueskatt		-379 971	-379 971	-379 971	-379 971	-389 314	-358 497
3	Eigedomsskatt		-74 974	-88 332	-94 730	-96 340	-72 438	-72 707
4	Andre generelle driftsinntekter		-65 574	-62 840	-70 340	-72 340	-75 414	-62 619
<b>5</b>	<b>Sum generelle driftsinntekter</b>		<b>-993 736</b>	<b>-1 004 031</b>	<b>-1 018 537</b>	<b>-1 022 154</b>	<b>-960 673</b>	<b>-931 669</b>
6	Sum frå løyvingsskjema 2, netto		958 679	929 979	926 174	916 670	939 738	837 385
7	Avskrivningar		70 390	70 390	70 390	70 390	70 390	70 390
<b>8</b>	<b>Sum netto driftsutgifter</b>		<b>1 029 069</b>	<b>1 000 369</b>	<b>996 564</b>	<b>987 060</b>	<b>1 010 128</b>	<b>907 775</b>
<b>9</b>	<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>35 332</b>	<b>-3 663</b>	<b>-21 973</b>	<b>-35 094</b>	<b>49 454</b>	<b>-23 894</b>
10	Renteinntekter		-10 500	-10 500	-10 500	-10 500	-6 792	-3 386
11	Utbyte		-8 000	-5 000	-5 000	-5 000	-9 550	-5 388
12	Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel		-3 500	-3 500	-3 500	-3 500	0	-4 746
13	Renteutgifter		40 500	45 000	49 200	57 300	22 908	13 101
14	Avdrag på lån		41 000	44 000	48 000	61 000	44 274	42 774
<b>15</b>	<b>Netto finansutgifter</b>		<b>59 500</b>	<b>70 000</b>	<b>78 200</b>	<b>99 300</b>	<b>50 840</b>	<b>42 355</b>
16	Motpost avskrivningar		-70 390	-70 390	-70 390	-70 390	-70 390	-70 390
<b>17</b>	<b>Netto driftsresultat</b>		<b>24 442</b>	<b>-4 053</b>	<b>-14 163</b>	<b>-6 184</b>	<b>29 905</b>	<b>-51 929</b>
<b>Disponering eller dekking av netto driftsresultat</b>								
18	Overføring til investering		2 880	2 880	2 880	2 880	2 880	3 604
19	Avsetjing til bundne driftsfond		2 788	2 788	2 788	2 788	5 031	25 292
19	Bruk av bundne driftsfond		-14 473	-10 650	-8 832	-6 087	-8 934	-12 493
19	* Herav frå Løyvingsskjema 2		-11 685	-7 862	-6 044	-3 300	-4 831	12 877
20	Avsetjing til disposisjonsfond		36 851	44 696	52 989	42 266	57 923	77 533
20	Bruk av disposisjonsfond		-52 488	-35 662	-35 662	-35 662	-86 804	-42 007
20	* Herav frå Løyvingsskjema 2		-36 311	-34 811	-34 811	-34 811	-53 611	-32 681
21	Dekking av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0	0	0
<b>22</b>	<b>Sum diponeringar eller dekking av netto driftsresultat</b>		<b>-24 442</b>	<b>4 053</b>	<b>14 163</b>	<b>6 184</b>	<b>-29 905</b>	<b>51 929</b>
<b>23</b>	<b>Framført til inndekking i seinare år</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## 4.2 Driftsinntekter

### Rammetilskot

Prognosemodellen frå KS syner rammetilskot på til saman 473 mill. kroner i 2023. Auken er primært knytt til auke i innbyggjartilskotet og auke i utgiftsutjamninga. Inntektsutjamninga for 2023 er forventa å bli redusert frå 49,2 mill. i 2022 til 40,9 mill. i 2023.

Skjønnstilskot til Sogndal kommune er 5,4 mill. kroner, ein reduksjon frå 2022 på 0,3 mill. kroner. Samla ramme for skjønntilskot til fordeling i Vestland er redusert for 2023.

Samla ligg det an til ein auke på 11,7 % i rammetilskot frå 2022 til 2023.

Tabell 4.2 KS prognosemodell for 2023

Rammetilskot Beløp i 1000 kroner	2022	2023
Innbyggjartilskot (likt beløp pr innb)	311773	338860
Utgiftsutjamning	23108	30696
Overgangsordning - INGAR	-576	-495
Saker særskilt fordeling (inkl. per grunnskole, helsestasjon skolehelse, barnevernsreform, bortfall eiendomsskatt og arbavg)	2925	7961
Inndelingstilskot/trekk Nannestad/Ullensaker	43824	45445
Regionsentertilskot	4180	4351
Veksttilskudd	0	0
Ordinært skjønn	5700	5400
RNB 2018 - 2022 (utenom koronapandemi)	-16607	
<b>Sum rammetilskot uten inntektsutjamning</b>	<b>374328</b>	<b>432218</b>
<b>Netto inntektsutjamning</b>	<b>49179</b>	<b>40999</b>
<b>Sum rammetilskot før ekstra skjønn fra statsforvalteren</b>	<b>423507</b>	<b>473217</b>

Kjelde: KS prognosemodell

I samband med statsbudsjettet 2023 har regjeringa føreslått eit trekk i rammetilskotet for kommunar med inntekter frå sal av konsesjonskraft. Det er usikkert kor stort dette trekket eventuelt blir for Sogndal kommune. I budsjettet er anslaget på kraftinntekter for 2023 redusert med 5 mill. kroner for å ta høgde for trekk i rammetilskot.

I KS prognosemodell er befolkningsframskrivinga frå SSB middelframskrivning lagt til grunn. Kommunar med høgare vekst i folketalet enn landsnittet kan forvente auke i rammetilskot. Tilsvarande vil utgiftbehovet i tenestene auke med vekst i folketal.

### Skatt på inntekt og formue

Tabell 4.3 Skatt på inntekt og formue for 2023

Beløp i 1000 kroner	2 022	2 023
Skatt på inntekt og formue	385567	379901

I forhold til revidert budsjett 2022 er det ein reduksjon i skatteinntekter på om lag 1,5 %. I planperioden er det budsjettert med uendra skatt på inntekt og formue. Vekst i folketalet vil gje kommunen høgare skatteinntekter, men som me må sjå i samband med inntektsutjamninga i rammetilskotet.

### Eigedomsskatt

Kap. 4 i lov om eigedomsskatt i kommunen set rammer for kva skattesatsar kommunestyret kan fastsette for ulike skatteobjekt. Kommunestyret fastset kvart år i samband med budsjettet kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskrivning av eigedomsskatt for det komande året. For

bustader og fritidsbustader er maksimalsatsen 4 promille, for andre skatteobjekt er maksimalsatsen 7 promille.

Skattesatsane i den nye kommunen må vere samordna før kommunen evt. kan auka satsen etter dei vanlege reglane i lova. Skattesatsen kan aukast med maksimalt 1 promille for kvart år. I samband med budsjettet i 2022 vedtok kommunestyret å samordne satsar for eigedomsskatt på bustadar og fritidsbustader til 2,6 promille i 2023 og med ei vidare opptrapping til 3,6 promille frå 2023 og ytterlegare auke til maksimal sats 4 promille i 2025. Opptrapping vart vedteke for å betre balansen i budsjettet. Auke på 1 mill. kroner frå 2025 til 2026 på bustad/fritid er knytt til generell auke i skattegrunnlag. Skattesatsen er ligg fast på 4 promille.

I budsjettet for 2023 og økonomiplan 2023-2026 er følgjande satsar lagt til grunn for budsjetterte inntekter på eigedomsskatt.

- Skattesats for energianlegg og næring 7 promille
- Skattesats for anna fast eigedom (t.d. naust og tomt) 7 promille
- Skattesats for bustader og fritidsbustader 2,6 promille i 2023, 3,6 promille i 2024 og 4 promille i 2025 og 2026.

Nye prognosar for eigedomsskatt er summert i tabell 4.4 og syner ein auke i eigedomsskatt på vel 4,5 mill. kroner frå budsjett 2022 til 2023 og ytterlegare 20 mill. kroner opp i løpet av økonomiplanperioden.

Tabell 4.4. Eigedomsskatt i planperioden

Konto	Type anlegg	Beløp i 1000 kroner	Budsjett 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026	Budsjett 2022
18 740	Energianlegg		31 825	32 300	32 800	33 300	28 424
18 741	Næring		13 369	13 470	13 570	13 670	13 404
18 743	Anna fast eigedom		420	470	480	490	496
18 750	Bustad/fritid		29 361	42 092	47 880	48 880	28 112
	<b>Totalt</b>		<b>74 975</b>	<b>88 332</b>	<b>94 730</b>	<b>96 340</b>	<b>70 436</b>

Alle prognosar og berekningane byggjer på skjønsmessige vurderingar i høve til framtidig takstgrunnlag, og er å sjå på som beste estimat. Det er også nytta skjønn ved fastsetjing av auken i skatteobjekt. I skattegrunnlaget for kraftverk inngår ei berekning av gjennomsnittleg spottpris over ein 5-årsperiode. I regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett 2023 er det føreslått å auke grunnrenteskatt på vasskraftprodusentar frå 37 prosent til 45 prosent. Grunnrenteskatten kjem til fråtrekk i eigedomsskattegrunnlaget. Frådraget for grunnrenteskatt vert fastsett som eit gjennomsnitt over 5 år, slik at det tek tid før endringa får full effekt på eigedomsskattegrunnlaget. Spottprisane varierer elles mykje, med tilsvarande konsekvens for eigedomsskattegrunnlaget.

#### Andre generelle driftsinntekter

Konsesjonsavgifta vert regulert kvar 5 år og er difor lagt inn uendra i planperioden på 2,49 mill. kroner. Naturressursskatten ligg fast og er på om lag 5,8 mill. kroner. Investeringstilskot til sjukeheimar/omsorgsbustader og rentekompensasjon skule og kyrkjebygg er budsjetterte etter prognose frå Husbanken.

Vertskommunetilskot HVPU vart etablert i 1993 og er eit tilskot som kommunen får som følgje av at bebuarar på institusjon vart buande i institusjonskommunen etter iverksetting av HVPU-reforma. Det ligg ikkje føre prognose for 2023, og budsjettet er difor uendra frå 2022.

Statstilskot flyktningar er budsjettert med 36 mill. kroner. Det er lagt til føresett busetting av 30 nye flyktningar og at om lag 80 % av allereie busette flyktningar busett i 2022 vert verande i Sogndal kommune. Det er ikkje budsjettert med tilskot for busetting av einslege mindreårige flyktningar.

Andre generelle inntekter til saman 65 574 mill. kroner i 2023. Revidert budsjett 2022 er på 75 496 mill. kroner.

*Tabell 4.5 Oversikt over generelle inntekter i 2023*

<b>Generelle inntekter</b> Beløp i 1000 kroner	<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Rentekomp omsorgsbustad og sjukeheim	-3 100	-3 063
Rentekomp skular og symjeanlegg	-94	-61
Rentekomp Kyrkjer og kyrkjeinventar	-40	-29
Tilskot flyktningar	-40 000	-36 000
Tilskot flyktningar mindreårige	-5 841	0
Vertskommunetilskot	-18 100	-18 100
Konsesjonsavgift	-2 492	-2 492
Naturressursskatt	-5 829	-5 829
<b>Sum</b>	<b>-75 496</b>	<b>-65 574</b>

Konsesjonsavgiftsfondet er ikkje frie midlar og vert avsett til bunde fond og brukt til investering.

### 4.3 Finansielle inntekter og utgifter

#### Renteinntekter

Renteinntekter på startlån er berekna ut frå forventa renteprogosar og ut frå at utlånsrammer auka frå 30 mill. årleg til 60 mill. per år. Renteinntekter på startlån er budsjettert med 6 mill. kroner. Det er lagt til grunn tilsvarande renteutgifter på utlån slik at netto rente på startlån er null i budsjett.

Renter på bankinnskot er vanskeleg å budsjettere då det i tillegg til rentesats er avhengig av innskot på bankkontoane. Det er lagt til grunn same auke i renter på bankinnskot frå 1,5 mill. kroner til 4,5 mill. kroner i 2023 og resten av økonomiplanperioden. Ein del av bankinnskota gjeld renter av bundne fond som skal avsettast til fonda i rekneskapen. Dette gjeld VAR-fonda, konsesjonsavgiftsfondet og fondsmidlar vertskommunesamarbeid (regionrådet og PPT).

Det er ikkje budsjettert med morarenter.

Samla renteinntekter er 10,5 mill. kroner i budsjett 2023 og i økonomiplanperioden.

#### Utbyte

Sogndal kommune budsjetterer med utbyte frå Sognekraft AS og Sogn og Fjordane Holding AS.

I budsjett 2023 er det budsjettert med samla utbyte på 8 mill. kroner. Budsjettert utbyte er redusert til 5 mill. kroner i økonomiplanperioden.

#### Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel

Gevinst på finansielle omløpsmiddel vart for 2023 budsjettert med 3,5 mill. kroner. Same beløp er lagt til grunn i resten av økonomiplanperioden. Hittil i 2022 er avkastninga på minus 0,4 mill. kroner. Basert på avkastningsreferanse i finansreglementet er det lagt til grunn avkastning på 3,5 mill. kroner i planperioden.

#### Rente- og avdragsutgifter på lån

Det er budsjettert med auke i utgifter til avdrag og renter på lån i planperioden. Rentebane omtala i del 3 under føresetnader er lagt til grunn for prognosar på renteutgifter. Renteutgiftene aukar frå

40,5 mill. kroner i 2023 til 57,3 mill. kroner i 2026. Avdrag på lån aukar frå 41 mill. kroner i 2023 til 61 mill. kroner i 2026. Tabell 4.6 viser minimumsavdrag per år.

Tabell 4.6 Minimumsavdrag på lån

Minimumsavdrag	2022	2023	2024	2025	2026
Samla lånegjeld eks. formidlingslån ved årets inngang	1 015 880 927	979 006 927	1 058 006 927	1 149 006 927	1 439 006 927
Bokført verdi anleggsmiddel eks. tomter pr. 31.12.2020	1 818 353 817	1 854 703 817	1 900 755 817	1 991 755 817	2 199 307 817
Auke i bokført verdi ila året (påverker neste år)	106 740 000	120 000 000	135 000 000	290 000 000	220 000 000
Auka avskrivning	-	3 558 000	4 000 000	4 500 000	9 666 667
Årets avskrivningar	70 390 000	73 948 000	77 948 000	82 448 000	92 114 667
Opptak av nye lån	7 400 000	120 000 000	135 000 000	290 000 000	220 000 000
<b>Minimumsavdrag</b>	<b>39 325 602</b>	<b>39 033 512</b>	<b>43 387 753</b>	<b>47 562 719</b>	<b>60 270 619</b>
<b>Avdrag</b>	<b>44 274 000</b>	<b>41 000 000</b>	<b>44 000 000</b>	<b>48 000 000</b>	<b>61 000 000</b>

Samla sett aukar netto finansutgifter, frå 45,6 mill. kroner i 2022 til 99,3 mill. kroner i 2026, på grunn av auke i lånegjeld og auke i rentenivå.

### Overføring til investering

Årleg overføring av 2,88 mill. kroner frå drift til investeringsbudsjettet skal finansiere det årlege eigenkapitalinnskotet i KLP.

### Avsetjing og bruk av disposisjonsfond

Netto bruk av disposisjonsfond er 15,7 mill. kroner. Det blir avsett 36,8 mill. og brukt 52,5 mill. kroner.

36 mill. kroner gjeld avsetting av integreringstilskotet for flyktningar. Det er lagt til grunn at busetting i 2023 og utover i planperioden er lågare enn i 2022. Me forventar ei nedtrapping i integreringstilskot frå 36 mill. i 2023 til 26 mill. i 2026. 0,85 mill. kroner gjeld avsetting til parkeringsfondet.

Til dekning av kapitalkostnader blir det brukt om lag 1 mill. kvar år frå parkeringsfondet til dekning av rente og avdrag. Budsjettert bruk på einingane er netto 36,3 mill. kroner.

Det er budsjettert med 15,2 mill. kroner i bruk av disposisjonsfond i 2023 for å balansere budsjettet. I resten av planperioden er det budsjettert med netto avsetting til disposisjonsfondet.

### Avsetjing og bruk av bundne fond

Netto avsetning til bundne fond er minus 11,7 mill. kroner. Det blir avsett 2,8 mill. kroner. Dette gjeld avsetjing til bundne fond gjeld avsetjing av konsesjonsavgift til konsesjonsavgiftsfondet og fonda til regionrådet, PPT og logopedi. Bruk av bundne fond på sektorområda er omtala i neste avsnitt 4.4.

## 4.4 Driftsutgifter - tenesteproduksjon

Tabell 4.7 Løyvingsskjema 2

<b>Løyvingsskjema 2</b> Beløp i 1000 kroner	Budsjett 2023	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Regulert Budsjett 2022	Rekneskap 2021
Administrasjon	40 471	39 371	39 971	39 371	39 866	45 866
Oppvekst	331 094	329 145	329 185	329 185	320 690	315 434
Helse og omsorg	355 335	341 835	341 835	336 835	340 426	358 016
Plan og forvaltning	112 983	92 122	90 321	89 152	107 039	103 398
Kultur og næring	70 800	68 834	68 007	68 017	56 981	50 495
Kraft	-34 000	-18 000	-18 000	-18 000	-17 430	-9 371
Fellesområde pensjon og lønnsavsetningar	34 000	34 000	34 000	34 000	33 724	-46 278
<b>Budsjettramme tenesteområda</b>	<b>910 682</b>	<b>887 306</b>	<b>885 319</b>	<b>878 559</b>	<b>881 296</b>	<b>817 580</b>
<b>Overført til løyvingsskjema 1</b>						
	Budsjett 2023	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Regulert Budsjett 2022	Rekneskap 2021
Budsjettramme eks. avsetjing og bruk av fond	958 679	929 979	926 174	916 670	939 738	837 385
Netto avsetjing og bruk av disposisjonsfond	-36 311	-34 811	-34 811	-34 811	-53 611	-32 681
Netto avsetjing og bruk av bundne fond	-11 685	-7 862	-6 044	-3 300	-4 831	12 877
<b>Budsjettramme tenesteområda</b>	<b>910 682</b>	<b>887 306</b>	<b>885 319</b>	<b>878 559</b>	<b>881 296</b>	<b>817 580</b>

Løyvingsskjema 2 er ei oversikt som viser nettoramme for drift per sektor og eit rammeområde for felles utgifter og inntekter knytt til sektorane. Ein sektor er sett saman av fleire ansvarsområde som naturleg høyrer saman. Sogndal kommune har inndeling i desse sektorområda: «administrasjon», «oppvekst», «helse og omsorg», «plan og teknisk» og «samfunnsutvikling, kultur og innovasjon». Sektorane sine budsjett er omtala i kap. 5.

### Bruk av fond på sektorområda

Bruk av disposisjonsfond på sektorområda i 2023 er 37,2 mill. kroner. 36,6 mill. kroner gjeld bruk av flyktningfond og 1,5 mill. kroner gjeld arbeid med områdeplanar. Det er budsjettert med avsetjing til parkeringsfondet på om lag 0,9 mill. kroner i 2023.

Det er budsjettert med 11,7 mill. kroner i bruk av bundne fond. 9 mill. kroner er bruk av sjølvkostfond innan vatn, avløp og renovasjon. Reglar for framføring av overskot på sjølvkostområda følgjer av forskrift. Om lag 2,3 mil. kroner gjeld budsjettert bruk av bundne fond i Sogn regionråd. 0,4 mill. kroner gjeld bruk av tidlegare avsette prosjektmidlar i oppvekstsektoren.

Netto bruk av fond på sektorområda vert overført til løyvingsskjema 1 (jf. tabell 4.1)

## 4.5 Økonomiske måltal

Kommunelova inneheld ein lovfesta plikt til å nytte finansielle måltal som verktøy for langsiktig styring av kommunen sin økonomi. Kommunelova set ikkje krav til kva måltal som er aktuelle. I gjeldande økonomiplan har kommunestyret vedteke måltal for nettodriftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, måltal for disposisjonsfond av brutto driftsinntekter og måltal for lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Måltala er i tråd med teknisk berekningsutval (TBU) og departementet sine tilrådingar for ein økonomisk berekraftig kommuneøkonomi. Kommunestyret vedtok i samband med budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 følgjande økonomiske måltal. Måltala er ikkje endra i økonomiplan 2023-2026 (sjå tabell 4.8 nedanfor).

Tabell 4.8 Økonomiske måltal for kommunen 2022-2025

Måltal relativt til netto driftsinntekter	Måltal 2022-2025	Måltal 2023-2026	Rekneskap 2021
Netto driftsresultat	> 1,75 %	> 1,75 %	3,8 %
Disposisjonsfond	> 10%	> 10%	11,5 %
Gjeldsgrad	< 85%	< 85%	83,5 %

### Netto driftsresultat

Rekneskapen 2021 vart gjort opp med eit nettodriftsresultat på 3,8 prosent og over måttalet på 1,75 prosent. Netto driftsresultat i planperioden ligg under måttalet på 1,75 prosent. I 2022 og 2023 er det budsjettert med negativt netto driftsresultat.

Tabell 4.9 Framskrivning netto driftsresultat

Netto driftsresultat Beløp i 1000 kroner	2022	2023	2024	2025	2026
Netto driftsresultat	- 32 057	- 24 442	4 053	14 163	6 184
Brutto driftsinntekter	1 304 230	1 373 522	1 373 531	1 391 527	1 399 763
Netto driftsresultat %	- 2,46	- 1,78	0,30	1,02	0,44
Måltal netto driftsresultat %	1,75	1,75	1,75	1,75	1,75

### Disposisjonsfond

Ved inngangen av 2022 var storleiken på disposisjonsfondet på 156,6 mill. kroner og utgjorde 11,5 % av brutto driftsinntekter. Dette er innanfor måttalet på minst 10 % av disposisjonsfondet. Etter revidert budsjett 2022 er forventa storleik på disposisjonsfondet 9,79 %. Framskrivning av resultatata i økonomiplan gjev slik utvikling i måttalet for disposisjonsfondet.

Tabell 4.10 Framskrivning disposisjonsfond

Disposisjonsfond Beløp i 1000 kroner	2022	2023	2024	2025	2026
Disposisjonsfondet 31.12	127 719	112 082	121 116	138 443	145 047
Disposisjonsfond %	9,79	8,16	8,82	9,95	10,36
Måltal disposisjonsfond %	10	10	10	10	10

Tabell 4.10 syner at resultatet er under måttalet i 2023 og 2024, men at storleiken på disposisjonsfondet kjem over måttalet igjen i 2025 og 2026. Kommunen vil vere sårbar for uføresette utgifter i den første delen av planperioden.

### Gjeldsgrad

Tabell 4.11 nedanfor syner utvikling i gjeldsgrad i økonomiplanperioden. Det er planlagt store investeringar og auka låneopptak i økonomiplanperioden. Utviklinga i gjeldsgraden med og utan formidlingslån er presentert i tabellen nedanfor. Utan formidlingslån aukar gjeldsgraden frå 81,9 % til 122,8 % frå 2022 til 2026. Inkludert formidlingslån aukar gjeldsgraden frå 88 % til 142,6 % fram til 2026.

Tabell 4.11 Framskrivning av gjeldsgrad

Gjeldsgrad Beøp i 1000 kroner	2022	2023	2024	2025	2026
Gjeldsgrad kun investeringslån	81,9	83,0	90,1	106,8	122,8
Total gjeldsgrad inkl formidlingslån	88,0	93,5	104,4	124,5	142,6
Måltal gjeldsgrad	85	85	85	85	85
Total gjeld 31.12	1 147 391	1 284 654	1 433 482	1 731 894	1 995 512

## 4.6 Økonomisk oversikt drift

Tabell 4.12 Økonomisk oversikt drift per arts-gruppe

Økonomisk oversikt drift Beløp i 1000 kroner	Budsjett 2023	Økonomi- plan 2024	Økonomi- plan 2025	Økonomi- plan 2026	Regulert Budsjett 2022	Rekneskap 2021
<b>Driftsinntekter</b>						
1 Rammetilskudd	-473 217	-472 888	-473 496	-473 503	-423 507	-437 845
2 Inntekts- og formuesskatt	-379 971	-379 971	-379 971	-379 971	-389 314	-358 497
3 Eiendomsskatt	-74 974	-88 332	-94 730	-96 340	-72 438	-72 707
4 Andre skatteinntekter	-8 321	-8 321	-8 321	-8 321	-8 321	-8 252
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	-67 072	-64 348	-71 808	-73 808	-74 460	-84 833
6 Overføringer og tilskudd fra andre	-164 646	-164 646	-164 646	-164 646	-152 378	-221 437
7 Brukerbetalinger	-49 103	-49 153	-49 153	-49 153	-47 095	-46 357
8 Salgs- og leieinntekter	-156 167	-145 871	-149 401	-154 021	-136 716	-134 088
9 Sum driftsinntekter	-1 373	-1 373	-1 391	-1 399	-1 304	-1 364 016
9 Sum driftsinntekter	471	530	526	763	229	-1 364 016
<b>Driftsutgifter</b>						
10 Lønnsutgifter	727 610	712 054	710 527	705 537	706 147	698 411
11 Sosiale utgifter	170 278	170 201	170 124	170 124	178 640	162 575
12 Kjøp av varer og tjenester	334 696	313 043	314 332	314 437	328 350	326 176
13 Overføringer og tilskudd til andre	105 830	104 180	104 180	104 180	71 957	82 557
14 Avskrivninger	70 390	70 390	70 390	70 390	71 623	72 232
15 Sum driftsutgifter	1 408 804	1 369 868	1 369 553	1 364 668	1 356 717	1 341 951
16 Brutto driftsresultat	35 333	-3 662	-21 973	-35 095	52 488	-22 065
<b>Finansinntekter</b>						
17 Renteinntekter	-10 500	-10 500	-10 500	-10 500	-6 792	-3 386
18 Utbytter	-8 000	-5 000	-5 000	-5 000	-9 550	-5 388
19 Gevinster og tap på finansielle oml	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500	0	-4 746
20 Renteutgifter	40 500	45 000	49 200	57 300	22 908	13 115
21 Avdrag på lån	41 000	44 000	48 000	61 000	44 274	42 774
22 Netto finansutgifter	59 500	70 000	78 200	99 300	50 840	42 369
23 Motpost avskrivninger	-70 390	-70 390	-70 390	-70 390	-71 623	-72 232
	NY VA Reinseanlegg Sogndal		1 000					
	NY VA Nornes		14 500					
	NY Bustadfelt Amla		8 000					
<b>Bustadfelt og reguleringsplanar</b>								
727	Reguleringsplan Saurdalen		200					31
20550	Bustadtilrettelegging Hittun Balestrand		625					
	NY Reguleringsplan Kvåle		1 500					

Kyrkja						
1965	Kyrkjestove Kaupanger gravlund	210	3 700			101
20700	Utviding av kyrkjegard Stedje kyrkje	500				4 752
21305	Brannsikring Leikanger kyrkje	325				2 136
21306	Toalett og bårerom Leikanger kyrkje	50				
22800	Rammeløyving investeringsbehov Sogndal kyrkjelege fellestråd	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Andre investeringar						
721	Hittunsfjøra småbåthamn	2 380				120
1964	Gjestebygge	1 500				
15360	Kleppa grunnkjøp	300				
NY	Grunnkjøp/sal - rammeløyving		1 000	1 000	1 000	1 000
Anna						
	Diverse avslutta prosjekt					35 991
		112 890	137 425	177 800	352 000	267 000
						90 255

## 6.4 Prosjektomtalar

### 6.4.1 Inventar og utstyr

Rammeløyving diverse prekære investeringsbehov (inventar, utstyr, bilar, velferdsteknologi m.m.) Dei ulike einingane har jamleg behov for å skifte ut inventar. Enkeltmøblar vert kjøpt over driftsbudsjettet, men større utskiftingar kan sjåast som investeringar. Mange av skulane melder til dømes om behov for pultar, stolar ol. og institusjonane melder om behov for nye senger, velferdsteknologi ol. Med denne rammeløyvinga vert det ei meir planmessig utskifting av inventaret og det vert gjort reelle vurderingar av behova på tvers av tenesteeiningar. Det er med bakgrunn i dette sett av 1,0 mill. kr kvart år i planperioden.

### 6.4.2 IKT

#### Rammeløyving IKT

I dette prosjektet er det samla alle investeringar knytt til IKT, inkludert også tidlegare avsett løyving til digitalisering skule og barnehage. Desse midlane dekkjer naudsynt utskifting av digitalt utstyr i oppvekstsektoren. IKT-investeringane fordeler seg slik i 2023:

#### Oppgradering tekniske rom/overvaking

Kommunen har ein del tekniske rom som treng oppgradering. Demontering av gammalt utrangert utstyr. Oppgradering av UPS (naudstraum). Få på plass overvaking av komponentane i romma. Kostnad: 0,75 mill. kr.

#### Dataabling

Sogndal kommune har ein omfattande bygningsmasse. Datakablane i bygga har ei levetid på 15-20 år. Mange av bygga har ikkje oppgradert kabling. Dette fører til redusert funksjonalitet når ein byter IKT-komponentar i bygga. Eksempel: kabling til trådlause AP, møterom med videoløysingar, telefoni, SD-anlegg m.m. Ein vil oppleve dårleg kvalitet på IKT-tenester. Me har og ein del gamle fiber-strekk (multi-modus) som skulle vore oppgradert til ny standard (single-modus). Bytte kablar etter behov. Levetid på ny kabling: 15-20 år. Kostnad: 0,75 mill. kr.



## **Sikkerheit**

Betring av sikkerheit på fleire nivå. Nettverk, tenester og einingar. Sidan fleire og fleire tenester ligg i sky, må ein til ei kvar tid sikre kommunikasjon mellom lokal einheit og sky. Betre sikring av data (backup). Kostnad: 1,0 mill. kr.

## **PC, skjermar og anna utstyr**

Dei siste åra er det skifta ein del utstyr. PC'ar, skjermar, docking-stasjonar, og anna utstyr. Det er fortsatt mykje utstyr som bør oppdaterast. Mange har i dag arbeidsplassar med 1 skjerm, og ville få ein betre og meir effektiv arbeidskvardag med 2 skjermar. Innkjøp PC og tilbehør. Levetid PC: 4 år Levetid skjermar: 5-7 år. Kostnad: 1,0 mill. kr.

### 6.4.3 Bygningar

#### **Sikringsbu – Gulleplenipa**

Prosjektet vert overført frå 2022 då byggeløyve først vart gjeve i oktober 2022. Det er føresett delfinansiering med spelemidlar ca. 0,6 mill. kroner og tilskot frå Vener av Balestrandfjella med 0,3 mill. kr. Då prosjektet vart kalkulert i 2018 er det no gått gjennom med mellom anna prisstiging og budsjettramme er sett med løyving inntil 1,4 mill. kr i 2023. Sogndal kommune kan forskottere ekstern finansiering slik at tiltaket kan bli gjennomført i sommarsesongen 2023.

#### **Aktivitetstilbod helse og rus**

Prosjektet har tidlegare vore omtalt som ombygging Fossetunet. Prosjektet omhandlar etablering av lokalar for dagaktivitetstilbodet til brukargruppa rus og psykisk helse. Det har vore krevjande å finne gode lokalitetar til tilbodet. Ein vil måtte utgreie vidare kvar ein best kan løyse dette. Forskyving av prosjektet med eitt år gjer at det vert sett av 1,0 mill. kr til planlegging i 2023 og vidare 6,0 mill. kr til realisering i 2024. Det vert gjort merksam på at bygningsmessig løysing ikkje er planlagt/prosjektert og at det kan bli naudsynt å endre rammene for prosjektet når dette er avklara.

#### **Omsorgsbustader Stedjevegen**

Det er i Stedjevegen planlagt seks bustader for avlastning/barnebustader. Prosjektet er tenkt organisert i eit tun med fellesareal og felles opphald utandørs. Det vert også vurdert ei løysing med å integrere prosjektet i eit større bustadprosjekt. Det vil i tillegg bli etablert ein personalbase. Prosjektet er gjennomgått med Husbanken og ein er i ein søknadsfase med dei. Det er føresett 45 % tilskot frå Husbanken. Budsjett vert sett opp med 5,0 mill. kr i 2023 og 26,0 mill. kr i 2024. Dette føreset at Husbanken har midlar over statsbudsjettet til denne typen tilskot til kommunane.

#### **Tilbygg Belehalli**

Prosjektet gjeld tilbygg til Belehalli med ein klubbhusdel samt aktivitetsrom til squash og simulatoraktivitet. Klubbhusdelen skal tilretteleggast for sambruk, mellom anna klubbaktivitetar for ungdom. Prosjektet er etter utlysing og konkret tilbod lagt inn med kostnadsramme på samla 17 mill. kr. Då 1,0 mill. kr er avsett i 2022 vert budsjettramme 16,0 mill. kr i 2023. Prosjektet er delvis føresett finansiert med 0,9 mill. kr i spelemidlar. Det er føresett driftsinntekter på 0,25 mill. kr per år frå 2024.

#### **Skuleutbygging Sogndal sentrum**

Kommunestyret vedtok i møte 28. oktober i sak 86/21 ein plan for framtidig skulebehov. Det er her vedteke at:

*Det skal byggjast ny 1-7 barneskule på Kvåle som erstatning for Trudvang skule.*

*Det skal gjennomførast moglegheitsstudie for området på Kvåle innan april 2022.*

*Skulen skal stå klar til bruk skuleåret 2025-26.*

Det skal byggjast basis- og fleirbrukshall som del av prosjektet med ny barneskule. I budsjettet for 2022 sto prosjektet som eigen budsjettpost 20310, i budsjettet for 2023 er dette no lagt inn i post 21303.

I samband med mogelegheitsstudie for Kvåle vil dette bli vurdert opp mot alternative løysingar. I dette vil det bli vurdert om noverande lokalisering på Trudvang kan nyttast og dekke framtidige behov innanfor krav og tilrådingar, samt om Fosshagen kan vere eit sentrumsnært alternativ. Det vert lagt opp til politisk avklaring av lokalisering tidleg i 2023. Etter dette vert det gjennomført prosjektering av vald løysing. Dette er ei viktig fase for å få gode funksjonelle og ikkje minst ei økonomisk optimal løysing ut frå livsløpsvurderingar og framtidige driftskostnader.

Det er planlagt å gjennomføre konkurransen som ein pris- og designkonkurranse med samspel. Denne konkurranseforma medfører auka pengebruk i 2023 på om lag 6 mill. kr. Opptil 4 tilbydarar som får delvis erstatning for produksjon av tilbod á 0,5 mill. kr, totalt opptil 2 mill. kr. Det vil óg i 2023 bli signert samspelskontrakt som vert gjennomført med tilbydar som vinner konkurransen, føresett inntil 4 mill.kr. Val av løysing og endeleg økonomisk ramme vil bli handsama i eiga politisk sak. Det er sett av 6 mill. kr i 2023. For dei neste åra er det sett av ei førebels ramme på 60 mill. kroner i 2024, 250 mill. kroner i 2025 og 120 mill. kroner i 2026.

### **Samfunns- kultur og adm.lokale Saften**

Prosjektet omhandlar ombygging og tilrettelegging av kulturlokale med løysingar for bibliotek og frivilligheitssentral, kontorarbeidsplassar, oppgradering av idrettsgolv i idrettshallen og brannsikring. Det vert no utarbeida eit prosjekteringsgrunnlag med kostnadskalkyle og grunnlag for tilbodsutlysing for totalentreprise. Prosjektet er førebels sett opp med ei samla ramme på 34 mill. kr. Dette gjev ei attståande ramme på inntil 25,0 mill. kroner som me har fordelt med 2,0 mill. kr i 2023 og 22 mill. kr i 2024. I høve omfang av prosjektet og dagens bygningsmessige utforming er det sannsynleg at total ramme må aukast for å innfri dei planar som ligg føre for å realisere alle funksjonar i bygget. I tillegg ser ein i arbeidet på moglegheita for å realisere aldersvennlege bustader/omsorgsbustader som del av prosjektet. Når attendemelding frå ekstern arkitekt er motteke og vurdert vil prosjektet bli lagt fram til politisk handsaming.

### **Barnehage - Leikanger**

Kommunestyret vedtok i møte 28. oktober i sak 84/21

*Henjahaugane barnehage held fram. Kommunedirektøren skal greie ut tilbodet på Leikanger. Kommunestyret ber kommunedirektøren å greie ut opprusting og utbygging i Nybø barnehage, alternativt bygging av ny barnehage. Utgreiingane skal sjåast i samanheng med moglegheitsstudier og arealplanprosess.*

Det vart ut i frå dette sett av 0,5 mill. kr til utgreiing i 2022. Denne løyvinga vart ikkje nytta og er no flytta til 2024. Ut frå det som er kjent på noverande tidspunkt er den mest sannsynlege løysinga å bygge ein ny barnehage som erstatning for Nybø barnehage. For å unngå å måtte bruke midlar på opprusting av Nybø barnehage er det difor lagt inn 18 mill. kr i 2025 og tilsvarande i 2026. Dette er erfaringstal ut i frå tal born og er såleis eit grovt anslag.

### **Bygg - rammeløyving**

Sogndal kommune forvaltar ein betydeleg eigedomsmasse. Det er god økonomiforvaltning å vedlikehalde og oppgradere bygga slik at ein unngår større bråe investeringar. Stadig aukande krav og nye reglar, samt pålegg som følgje av tilsyn frå miljøretta helsevern o.l. utløyser fortløpande investeringsbehov. Ved å ha ei rammeløyving til mindre bygginvesteringar får ein prioritert prosjekt uavhengig av driftsrammer og får høve til å vurdere behova opp mot kvarandre. Det er sett av 8 mill. kr i slik rammeløyving for kvart år i økonomiplanperioden.

## **1-10 skule - Leikanger**

Kommunestyret vedtok i møte 28. oktober i sak 86/21

*Det skal gjennomførast ein moglegheitsstudie for ein eventuell 1-10 skule i Leikanger (innan april 2022).*

Moglegheitsstudie med finansiering inntil 1,0 mill. kr er sett i gang i 2022 som føreset. Det er vidare lagt inn ramme for ny skule/oppgradering av skulane på Leikanger. Kostnadskalkylane som Norconsult AS utarbeidde i sin rapport med samla 116 mill. kr er lagt til grunn. Dette er førebels fordelt med rammer inntil 35 mill. kroner i 2025 og 80 mill. kroner i 2026. Val av løysing og endeleg økonomisk rammer vil bli handsama i eigen politisk sak.

### **6.4.4 Veg og parkering**

#### **Ny avkøyring Rv5 - Ingafossen Sogndal**

Avkøyringa ved Ingafossen frå Rv 5 til Kvåle og Campus må flyttast og utbetrast før det kan skje vidare utbygging i området. Prosjektet vart utsett til 2023 i påvente av avklaring av lokalisering av ny barneskule i Sogndal sentrum, då ei lokalisering på Kvåle vil kunne påverke utforming av løysing her. Det er løyvd 3,0 mill. kr til prosjektet i 2023.

#### **Veg – rammeløyving**

Det vert arbeidd med å få utarbeidd Kommunal transportplan (KTP). Denne vil få fram status på vegane våre og investeringsbehov i åra som kjem. Ved å ha rammeløyvingar til investeringar vil me kunne løyse eigenfinansiering til trafikktryggingstiltak, maskinkjøp og vegutbetringar på ein smidig måte. Det er sett av ei ramme på 8,0 mill. kr for kvart år i økonomiplanperioden.

#### **Trafikkløysing – Leikanger barneskule**

Det er føreset å gå gjennom trafikksituasjonen kring Leikanger barneskule i samband med moglegheitsstudie for 1-10 skule på Leikanger. Det er med utgangspunkt i dette sett av ei løyving på 3 mill. kr til å planlegge og gjennomføre trafikktryggingstiltak fordelt med 0,5 mill. kroner i 2023 og 2,5 mill. kr i 2024.

#### **Gatelys - utskifting**

Det var i samband med budsjett 2022 vedteke å vurdere utskifting av energikrevjande gatelys til moderne LED-lys med høve for styring for å spare driftskostnader på sikt. Høge straumprisar gjer at nokre av desse prosjekta er lønsame og vil vere inntent etter 5-10 år. Det er med utgangspunkt i dette sett av løyvingar på inntil 2,0 mill. kr i 2023 og 1,5 mill. kr for kvart av dei andre åra i økonomiplanperioden.

#### **Oppgradering av Kvålevegen/gangveggar**

Ei opprusting av Kvålevegen og etablering av gangveggar i samsvar med områdeplanen for Campus er viktig for utvikling av området uavhengig av kva som vert realisert av skule- og barnehage i området. I tillegg vil ein som følgje av kommunestyresak 44/22 og samarbeidsavtale med Studentsamskipnaden på Vestlandet om erverv og bygging av ny barnehage på Kvåle måtte gjere naudsynt oppgradering av infrastruktur. Planlagt opning av barnehagen er barnehagestart hausten 2024. Dette betyr at kommunale investeringar må vere gjennomført før 01.08.2024. Arbeid med reguleringsplanen er sett i gang sommaren 2022. Det er først når denne er vedteken at kommunen har fasit på løysingane for kommunal infrastruktur som skal byggast. Gjennomføring av investeringar må ut i frå dette skje 2. halvår av 2023 og 1. halvår 2024. Så snart planløysingar er avklart, vert det gjennomført prosjektering og utarbeida kalkylar som vert lagt til grunn for endeleg budsjettamme.

Det vert ut i frå dette tilrådd å sette av ei førebels ramme for investeringar fordelt på 2023 og 2024. Etter gjennomgang av løysingar i gjeldande områdeplan med planlagde gangvegstrukturar, reguleringsplan for Kvålevegen med omsyn på opprusting av denne som køyretilkomst og noverande VA-infrastruktur vert det sett av ei ramme på inntil 10 mill. kr i 2023 og tilsvarande i 2024.

### **Oppgradering av Amlavegen**

I kommunestyresak 7/22 inngjekk kommunen intensjonsavtale med Amla Panorama AS om oppgradering av Amlavegen i samband med utbygging av bustadfelt i Amla. Prosjektet er føresett delfinansiert med eit anleggsbidrag på 40 % av kostnad eks mva. Det er ein føresetnad for gjennomføring av prosjektet at Amla bustadområde vert realisert og utbyggingsavtale vert inngått med utbyggar. Det er i samsvar med kostnadskalkyle som låg til grunn i kommunestyresak 7/22 sett av ei budsjettamme på inntil 11,0 mill. kr i 2023.

### **6.4.5 Vatn og avløp**

Investeringar for vatn og avlaup (VA) er budsjettert utan mva. Omfang av samla investeringsnivå er vidare lagt inn i sjølvkostgrunnlag og ligg med det til grunn for gebyrsatsar for VA i 2023.

#### **Ny slamskiljar Lunde**

Det var er sett av 1 mill. kr til slamavskiljar for avlaup frå Lunde Bustadfelt i 2022 som vart utsett. Prosjektet er i tråd med hovudplan for vassforsyning i Balestrand, og det er budsjettert med ei ramme på inntil 1,0 mill. kr i 2024.

#### **Vassleidning VL 110 Lunde**

Det var sett av 0,6 mill. kroner til utskifting av vassleidning i Lunde Bustadfelt i 2022 som vart utsett. Prosjektet er i tråd med hovudplan for vassforsyning i Balestrand, og det er budsjettert med ei ramme på inntil 0,8 mill. kr i 2024.

#### **Avlaup - rammeløyving**

Det er sett av ei rammeløyving til ulike prosjekt for avlaup og reinsing. Når hovudplan for avlaup og reinsing er vedteken, vil denne i større grad styre konkrete prosjekt. Det er så langt sett av 7,0 mill. kr i 2023 og 10 mill. kr for kvart år i resten av økonomiplanperioden.

#### **Vatn - rammeløyving**

Det er sett av ei rammeløyving til ulike prosjekt for vassforsyning. Kommunen må særskild gå gjennom tiltak for høgdebasseng og vassforsyning på Nornes. Elles vert ulike mindre prosjekt gjennomført løypande for å naudsynt oppgradering av anlegga. Når hovudplan for vassforsyning er vedteken, vil denne i større grad styre konkrete prosjekt. Det er så langt sett av 7,0 mill. kr i 2023 og 15 mill. kr for kvart år i resten av økonomiplanperioden.

#### **VA og jordbruksvatning - Leikanger**

Prosjektet hadde ei ramme på 8,5 mill. kroner, der ca. 0,1 mill. er nytta i 2022. Prosjektet samla er omfattande då det er ei lang strekning frå vassverket og heilt ut på Hamre på Leikanger. Samla kostnad er så langt kalkulert til ca. 40 mill. kr.

Prosjektet er føreslege lagt inn med ramme for vatn på 9,5 mill. kr og avløp 1,5 mill. kr og med det ei budsjettamme på inntil kr 11 mill. kr i 2023.

#### **Kongabergvegen VA**

Dette er eit prosjekt med naudsynt oppgradering av veg og VA-anlegg. Budsjettamma er på inntil 2,5 mill. kr i 2023.

#### **Reinseanlegg Sogndal**

Naudsynt avbøtande tiltak/oppgradering. Budsjettramma på inntil 1,0 mill. kr i 2023.

### **Nordnes VA**

Vassforsyningsanlegget på Nornes har avgrensa og for liten kapasitet for noverande og ikkje minst for planlagt bustadtilrettelegging. Det er ut i frå dette planlagt ny vassforsyning med nytt høgdebasseng, delar av hovudvassleidning og nye brønner oppom Nornes bustadfelt. Det er sett av ei budsjettramme på inntil 12,5 mill. kr for vatn og 2,0 mill. kr for avlaup samla inntil 14,5 mill. kr i 2023.

### **Amla bustadfelt VA**

I kommunestyresak 7/22 inngjekk kommunen intensjonsavtale med Amla Panorama AS om oppgradering av Amlavegen samt framføring av vassforsyning og avlaup i samband med utbygging av bustadfelt i Amla. Prosjektet er føresett delfinansiert med eit anleggsbidrag på 40 % av kostnad eks mva. Det er ein føresetnad for gjennomføring av prosjektet at Amla bustadområde vert realisert og utbyggingsavtale vert inngått med utbyggar. Det er i samsvar med kostnadskalkyle som låg til grunn i kommunestyresak 7/22 sett av ei budsjettramme på inntil 8,0 mill. kr i 2023.

## **6.4.6 Bustadfelt og reguleringsplanar**

### **Reguleringsplan Saurdal**

Prosjektet hadde ei løyving i 2022 som ikkje er nytta og som vert flytta til 2023. Prosjektet har ei løyving på inntil 0,2 mill. kr i 2023.

### **Bustadtilrettelegging Hittun**

Det er sett av ei løyving til planlegging/prosjektering av nytt bustadområde. Det ikkje er kommunale tomter att i regulerte bustadfelt i denne delen av kommunen, og prosjektet hadde høg prioritet i Balestrand kommune. Det vart ut ifrå dette sett i gang arbeid med planlegging av Hittun bustadområde i Balestrand tettstad. Kommunen har sett i gang arbeid med reguleringsplan som vert ferdig i starten av 2023. Det er føresett å avklare vidare plan/føresetnader for å kunne realisere prosjektet. Det er føresett å kome attende med sak om gjennomføring av utbygging når prosjektet er godt gjennomarbeida og kvalitetssikra. Det er avsett 0,6 mill. kr i 2023 for å ferdigstille arbeida.

### **Reguleringsplan - Kvåle**

Kommunestyret vedtok i sak 11/22; «*Kommunen set i gang detaljregulering av det aktuelle arealet innan kort tid jamfør. krav i områdereguleringsplanen*». Dersom lokalisering av ny barneskule vert bestemt å bygge annan stad, kan løyvinga nyttast til naudsynt reguleringsplanarbeid her. Det er sett av ei løyving inntil 1,5 mill. kr i 2023.

## **6.4.7 Kyrkja**

### **Kyrkjestove Kaupanger gravlund**

Prosjektet har ei attståande ramme på 3,7 mill. kr. Prosjektet vart lyst ut på anbod i 2022 der det berre kom inn eitt anbod på over 15 mill. kr. Prosjektet må gjennomgåast og ev. budsjetterast opp på nytt. Prosjektet vert førebels lagt inn med ramme på 3,7 mill. kr i 2023.

### **Rammeløyving – investeringsbehov Sogndal Kyrkjelege fellesråd**

Trussamfunnslova § 14 peikar på kommunen sitt økonomiske ansvar for kyrkja. Dette inkluderer tilskot til bygging, drift og vedlikehald av kyrkjebygg. Det kyrkjelege fellesrådet har i sitt budsjettinnspel peika på eit samla investeringsbehov i økonomiplanperioden på 5,3 mill. kr. Det er føremålstenleg å gje kyrkja ei årleg rammeløyving til bygningar. Dette vil gjere det føreseieleg for

kyrkja å planlegge framtidig behov, samstundes som det vil gje eit insentiv til både å prioritere mellom prosjekt, men også til å redusere kostnadane ved dei enkelte prosjekta. Det er ut i frå dette sett av ei årleg løyving på 1 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden.

### **Toalett og bårerom Leikanger kyrkje**

Toalett og bårerom skal vere ein del av moglegheitsstudiet for området ved Tinghuset/Leikanger kyrkje/Leikanger ungdomsskule.

Det vil bli lagt fram ei løysing for toalett og bårerom ved Leikanger kyrkje, inkludert framlegg til finansiering, for formannskapet når moglegheitsstudien føreligg.

#### 6.4.8 Andre investeringar

### **Rammeløyving - grunnkjøp**

Det vert sett av ei rammeløyving til grunnkjøp som omhandlar grunnkjøp og innløyving av festeavtalar m.v. Det er lagt opp til at inntekter frå tilsvarande sal vert tilført ramma og kan nyttast saman med denne. Det vert sett av ei løyving på inntil 1,0 mill. kr i 2023 og kvart år i økonomiplanperioden.

#### 6.4.9 Aksjar og andelar

### **Eigenkapitalinnskott KLP**

Gjeld krav om eigenkapitalinnskott til KLP. Det er sett av 2,8 mill. kroner i 2023.

## 6.5 Utgreiingsoppgåver

### 6.5.1 Nytt bustadområde - Henjabakkane

Sogndal kommune skal sjå nærare på potensiale og moglegheitene for å få til eit nytt bustadområde i Henjabakkane på Leikanger.

### 6.5.2 Sal av Solhov

Mogleg sal av Solhov skal greiast ut. Vidare skal det greiast ut om det er mogleg å etablere ungdoms- og fritidsklubb i kulturhuset.

### 6.5.3 Symjebasseng på Leikanger

Som oppfølging av vedtaket om utgreiing av eit langsiktig, økonomisk berekraftig tilbod for symjeopplæring i kommunen skal det våren 2023 leggjast fram eit konkret prosjekt med symjebasseng på Leikanger, som også kan nyttast som terapibasseng. Plasseringa må sjåast i samheng med val av skulelokalisering og samarbeid med andre aktørar.

### 6.5.4 Alternativ bruk av Trudvang skule

Viss ny barneskule i Sogndal sentrum vert lagt til Kvåle skal det utgreiast alternativ bruk av Trudvang. Arealet ved Trudvang skal nyttast til føremål som mellom anna flytting av Kyrkjebakken til ny sentrumsbarnehage, aktivitetspark/rom til uorganiserte ungdomsaktivitetar samt utgreiing av plassering av demenslandsby og trygghets/omsorgsbustader på tomta og eventuelt utviding av

SHOS vert vurdert. For å redusere gangavstand for dei minste elevane, skal utgreiinga og vurdere fleirbrukshall i Fosshagen, dersom tilrådinga er at skulen vert lagt til Trudvang.

## 7 Klimabudsjett 2023-2026

Klimabudsjett er eit styringsverktøy for å oppnå klimagassreduksjon etter kommunen sine vedtekne klimamål. Det inneheld konkrete tiltak for å oppnå måla og fordeler ansvaret for gjennomføringa på kommunen sine sektorar og tenesteområde. I den grad det er mogleg skal me i klimabudsjettet også anslå effekten av dei ulike tiltaka og synleggjere utsleppsreduksjon som følgje av tiltaka. Klimabudsjettet skal følgje årshjulet til økonomibudsjettet i kommunen med statusrapportering kvart tertial.

### **Forankring av klimabudsjettet**

Samfunnsplanen til Sogndal kommune har reduksjon av klimagassutslepp som eit samfunns mål som skal ligge til grunn for alt me gjer og legg rammene for klimaarbeidet og klimabudsjettet. Gjennom satsingsområde fruktbare tettstader ønskjer kommunen å skape miljøvenlege tettstadar som reduserer klimagassutslepp, energi- og ressursbruk. For å oppnå dette må me særleg redusere utslepp knytt til områda transport, bygg og anlegg, energibruk, landbruk, innkjøp og avfall. I samfunnsplanen har kommunen også vedteke at me skal ta i bruk årlege klimabudsjett for å gjennomføre og evaluere målretta tiltak. Klimabudsjettet er ein konkretisering av dette og andre handlingspunkt i samfunnsplanen som blir påverka av klimautfordringa. Klimabudsjettet skal vedtakast som ein del av økonomibudsjettet og økonomiplanen til kommunen. Finansutvalet vedtok 19. mai 2022 at «framlegg til klimamål for kommunen, som vert del av at «strategi for bustad, arbeid, klima og transport» vert handsama politisk, skal vere del av eit klimabudsjett som er del av budsjett 2023 og økonomiplanen. Klimabudsjettet skal ha to delar. Del 1 skal vere eit klimabudsjett for direkte utslepp frå verksemda. Del 2 skal vere eit klimabudsjett for dei direkte utsleppa innanfor kommunegrensa.»

For å halde framdrifta med klimabudsjettet blir klimamåla fremja som ein del av klimabudsjettet, i staden for «strategi for bustad, arbeid, klima og transport». I tillegg til at klimabudsjettet syner direkte utslepp i frå kommuneorganisasjonen og kommunen sitt geografiske området, har administrasjonen også inkludert indirekte utslepp frå kommuneverksemda i klimabudsjettet. Årsaka til dette er at klimarekneskapet til kommunen for 2021 syner at ein svært stor del av kommuneorganisasjonen sine utslepp skuldast indirekte utslepp.

### **Usikkerheit i talmaterialet**

Der det er mogleg har me anslått kva som er reduksjonspotensialet for ulike sektorar i klimabudsjettet. Dette er lettare å anslå for direkte utslepp enn for indirekte utslepp, og er i stor grad basert på nasjonale måltal og sektorvise reduksjonsmålsetningar. Sogndal kommune jobbar også med å få ein betre metodikk og datagrunnlag for å kunne måle effekten av dei enkelte tiltaka, mellom anna gjennom prosjektet «Kunnskapsgrunnlag for klimagassutslepp», deltaking i forskingsprosjektet «Klimabudsjett 2.0» og som partner i Klimapartnere Vestland, som er regionen sitt viktigaste partnerskap for utsleppskutt og grøn forretningsutvikling. Men med det talgrunnlaget som er tilgjengeleg for klimagassutslepp er det krevjande å rekne verknaden av tiltaka på dei kommunale utsleppa og utrekningane vil innebere stor grad av usikkerheit. Me har difor ikkje prioritert å talfeste effektar av dei fleste tiltaka utover ein grov inndeling i liten, medium og stor effekt.

I klimabudsjettet for 2023 er det med tiltak som allereie er under gjennomføring eller som er realistiske å gjennomføre dei næraste fire åra.

### **Direkte og indirekte utslepp**




Klimagassutslepp kan delast inn i to typar utslepp, som vist i figuren: 1) direkte utslepp, som er utslepp som skjer innanfor kommunen sitt geografiske område, både frå kommuneorganisasjonen og innbyggjarane, og 2) indirekte utslepp, som er utslepp som skjer utanfor kommunegrensa som følgje av kommuneorganisasjonen og innbyggjarane sitt forbruk.

Klimabudsjettet inneheld tiltak knytt til begge utsleppskategoriene for kommuneorganisasjonen og for direkte utslepp for kommunen i heilskap. Indirekte utslepp for kommunen i heilskap er ikkje inkludert i dette klimabudsjettet på grunn av utsleppa sin kompleksitet og usikkerheit knytt til talmaterialet. Men det bør vere eit mål for kommunen at dei indirekte utsleppa for kommunen i heilskap blir innarbeida i klimabudsjettet for 2024.

Sogndal kommune kan mellom anna bidra til å redusere utslepp av klimagassar gjennom si rolle som lokal planmyndigheit, eigar av bygg og anlegg, grunneigar, innkjøpar, tenesteleverandør, politisk aktør og samfunnsutviklar. Kommunen har og ei viktig rolle som pådrivar for å få gjennomført klimatiltak i lokalsamfunnet. Dette er mogleg å gjere til dømes gjennom støtteordningar, tilskot og andre insentiv i tillegg til å sette krav. Når det kjem til formidling av kunnskap, drive haldningsskapande arbeid og motivere til handling spelar kommunen også ei sentral rolle mellom anna ved å framheve gode eksempel. Vala kvar enkelt innbyggjar tek kvar dag er avgjerande for det samla klimafotavtrykket til kommunen.

Figur 7.2 Illustrerer indirekte og direkte utslepp



Figur: Illustrasjon av direkte og indirekte utslipp.

## 7.1 Klimamåla til Sogndal kommune

Som ein del av Parisavtalen har Norge forplikta seg til å redusere direkte klimagassutslepp med minst 50 prosent og opp mot 55 prosent innan 2030, samanlikna med nivået i 1990. Dette er stadfesta i Norge sin klimalov. Gjennom klimalova har Norge også lovfesta å verte eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Dette betyr ein reduksjon på 90-95 prosent samanlikna med nivået i 1990. I regional strategiplan for Vestland fylkeskommune skal Vestland redusere direkte klimagassutslepp i fylket til netto nullutslepp innan 2030. Dette målet er kritisert for å vere urealistisk. Ein rapport utarbeida på vegne av fylkeskommunen estimerer til dømes den

maksimale direkte utsleppsreduksjonen i fylket til å vere 80% i 2030, noko som betyr at resterande 20% utsleppsreduksjonen må skje ved kvotekjøp e.l.

Sogndal kommune er lovpålagt å minst følgje dei nasjonale måla om utsleppsreduksjon. Sogndal kommune er ein del av Vestland fylket, og bør i den grad det er mogleg også følgje opp fylkeskommunen sitt netto nullutsleppsmål for 2030. Samstundes er det viktig at kommunen setter klimamål som kommunen meiner er mogleg å realisere. Ved å bli med i Klimapartner Vestland i 2021 tok Sogndal kommune utfordringa med å bli fossilfri kommuneorganisasjon innan 2030 kva gjeld direkte klimagassutslepp. Dette kan vere mogleg å realisere med betydeleg innsats, særleg på transportsida. For dei direkte utsleppa i kommunen som geografisk område er det derimot ein rekke utsleppskjelder utanfor kommuneorganisasjonen som gjer netto nullutsleppsmålet vanskeleg å nå. Kommunen er truleg tent med eit mindre ambisiøst, men meir realistisk, klimamål for direkte utslepp enn det fylkeskommunen har vedteke. Samstundes har me god grunn til å vere meir ambisiøse enn dei nasjonale måla ettersom me ikkje har industri med store direkte utslepp i kommunen.

## **Klimamåla**

Sogndal kommune har følgjande hovudmål knytt til reduksjon av klimagassutslepp:


- 1 Direkte utslepp frå kommuneorganisasjonen: Nullutslepp frå kommuneorganisasjonen i 2030
- 2 Indirekte utslepp frå kommuneorganisasjonen: Redusere indirekte utslepp frå kommuneorganisasjonen med 50 % i 2030 samanlikna med 2021-nivå.
- 3 Indirekte utslepp frå energibruk: Redusere indirekte utslepp frå energibruk i kommunale bygg med 40 % i 2030 samanlikna med 2021-nivå.
- 4 Direkte utslepp frå kommunen som geografisk område: Redusere direkte utslepp i kommunen med 60 % samanlikna med 2016-nivå.

Klimabudsjettet syner også delmål knytt til kvart hovudmål.

## **Referansebane**

For å hjelpe kommunane med klimaarbeidet har Vestland fylkeskommune engasjert Asplan Viak for å lage utsleppsframskrivingar. Framskrivningane er eit estimat på korleis direkte utslepp frå kommunane sitt geografiske område vil utvikle seg fram mot 2030 dersom kommunane ikkje gjer egne tiltak. Estimaten er oppdatert med utgangspunkt i kommunen sine egne tal. Grafen under viser direkte utslepp i Sogndal frå 2009 til 2020 og estimert utvikling utan kommunale tiltak frå 2021 til 2030. Den mørkegrøne linja visar korleis utviklinga bør vere dersom Sogndal skal nå målet om 60% utsleppsreduksjon i 2030 og startar med å redusere klimagassutsleppa kraftig frå 2023.

Figur 7.2 Referansebane for Sogndal kommune



## 7.2 Innsatsområde

Våren 2022 fekk Sogndal kommune sitt første klimarekneskap som estimerer direkte og indirekte utslepp frå kommunen sine aktiviteter. Miljødirektoratet leverer årlege utsleppsrekneskap for dei direkte utsleppa som skjer innanfor kommunen sine geografiske grenser. Basert på desse talgrunnlaga har kommunen identifisert fire innsatsområde me bør jobbe særlege med for å redusere klimagassutsleppa i kommunen:

- Transport
- Bygg og anlegg
- Forbruk av varer og tenester
- Landbruk

Desse fire områda har både Sogndal kommune, innbyggjarane og næringslivet eit forhold til og kommunen kan ta ei viktig rolle for å redusere klimagassutsleppa. Innsatsområda inngår i dei fleste av kommunen sine tenesteleveransar og samfunnsoppgåver, som til dømes skule, helse- og omsorg, kultur- og idrett, næringsutvikling, arealdisponering, infrastruktur for transport, energi, vatn og avlaup og renovasjon. Tiltaka i klimabudsjettet skal på ulike måtar bidra til reduksjon i klimagassutslepp innanfor desse innsatsområda.

Klimabudsjettet er delt inn i fire ulike utsleppskategoriar:

1. Direkte utslepp frå kommuneorganisasjonen
2. Indirekte utslepp frå kommuneorganisasjonen
3. Indirekte utslepp frå energibruk i kommuneorganisasjonen
4. Direkte utslepp i Sogndal kommune som geografisk område.

For kvar kategori har klimabudsjettet ein kort status for utsleppa, etterfølgd av ein tabell med klimamål og klimagassreducerande tiltak. Tabellane inneheld informasjon om når tiltaka skal gjennomførast og kven som er ansvarleg for gjennomføringa. Det vert og anslått effekt av tiltaka og kostnadsramme der det er mogleg. Tiltaka vil i hovudsak gjennomførast innanfor tenesteområda sine ordinære driftsrammer, men enkelte tiltak må truleg finansierast gjennom

investeringspostar avsett spesielt til klimatiltaka. Kommunen kan også bruke klimabudsjettet for å søkje om midlar frå offentlege støtteordningar.

### 7.3 Direkte utslepp i kommuneorganisasjonen

Av dei totale klimagassutsleppa frå kommuneorganisasjonen i 2021 var 3,8 % direkte utslepp, i følgje klimarekneskapan til Sogndal kommune (som ein kan sjå i figur 3 lenger nede). Denne kategorien inneheld klimagassutslepp frå køyregodtgjersle frå fossilbilar og diesel- og bensinforbruk i organisasjonen. Målet er nullutslepp frå direkte utslepp i kommuneorganisasjonen i 2030 og ein stor del av dette går på elektrifisering og mindre bruk av fossildrivne transportmiddel og maskinar. Utsleppsramma i tabellen under viser at me når dette målet med ein reduksjon på 11% til 12% i året frå 2021 til 2030. Ein feilkjelde i dette estimatet er at 2021 var eit korona-år, noko som inneber at utsleppstala i 2021 truleg var kunstig låge.

Reduksjon i CO2 ekvivalentar										
Kategori	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Køyregodtgjersle fossilbilar	146	130	113	97	81	65	49	32	16	0
Dieselforbruk	83	74	65	55	46	37	28	19	9	0
Bensinforbruk	30	27	24	20	17	14	10	7	4	0
<b>Totalt</b>	<b>259</b>	<b>231</b>	<b>202</b>	<b>173</b>	<b>144</b>	<b>115</b>	<b>87</b>	<b>58</b>	<b>29</b>	<b>0</b>

Reduksjon i prosent										
Kategori	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Køyregodtgjersle fossilbilar	146	11 %	22 %	33 %	44 %	56 %	67 %	78 %	89 %	100%
Dieselforbruk	83	11 %	22 %	33 %	44 %	55 %	67 %	78 %	89 %	100%
Bensinforbruk	30	11 %	22 %	33 %	44 %	55 %	66 %	77 %	88 %	100%
<b>Totalt</b>	<b>259</b>	<b>11%</b>	<b>22%</b>	<b>33%</b>	<b>44%</b>	<b>55%</b>	<b>67%</b>	<b>78%</b>		

### Mål og tiltak

<b>Hovudmål direkte utslepp kommuneorganisasjonen:</b>					
Nullutslepp frå kommuneorganisasjonen i 2030					
<b>Delmål 1: Nullutslepp frå alle kommunale køyretøy og maskinar i 2030</b>					
Tiltak:	2023	2023-2026	Ansvar	Effekt	Kostnadsramme
Byte ut alle fossile bilar med el-bilar. Unntak må godkjennast av kommunedirektøren		x	HR – system og kvalitet	Stor	Må avklarast
Byte ut fossile bilar med el-syklar der desse kan erstatte bilkøyring i tenester		x	HR – system og kvalitet	Liten	Må avklarast
Planlegge og prioritere eit stort sykkelparkeringsløft ved kommunale bygg og sentrale knutepunkt	x		Veg- og grøntanlegg	Liten	Må avklarast
Etablere sykkelparkering under tak ved kommunale bygg og sentrale knutepunkt	x		Veg- og grøntanlegg	Medium	Må avklarast


Krevje nullutsleppsteknologi ved byte av kommunale maskinar og tyngre køyretøy. Prioritere biogass eller i verste fall innblanding av fornybar biodrivstoff der nullutsleppsteknologi ikkje er tilgjengeleg.	x	x	Veg- og grøntanlegg	Stor	Må avklarast
<b>Delmål 2: Nullutslepp frå private og leigde køyretøy på kommunalt oppdrag i 2030.</b>					
<b>Tiltak:</b>	<b>2023</b>	<b>2023-2026</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Effekt</b>	<b>Kostnadsramme</b>
Vurdere å oppgradere lyd- og straumekvaliteten på alle digitale møterom i kontorlokale brukt av kommunen.	x		IT-drift	Liten	Må avklarast
Legge til rette for mindre pendling om mogleg.	x		HR – system og kvalitet	Liten	Må avklarast
Etablere bil-poolordning for kommunalt tilsette for å redusere bruk av private fossildrivne bilar.		x	HR – system og kvalitet	Medium	Må avklarast
Stille krav om bruk av el-bil ved leige av køyretøy til kommunale oppdrag.	x		HR – system og kvalitet	Liten	Må avklarast

## 7.4 Indirekte utslepp i kommuneorganisasjonen

Dette er utslepp som indirekte kan knytast til Sogndal kommune sine aktivitetar, men der dei faktiske utsleppa oppstår utanfor kommuneorganisasjonen. Til dømes ved kjøp av varer og tenester. Figuren 3 viser at kommunen har størst indirekte utslepp frå kategoriane bygg og anlegg, etterfølgt av teneste- og varekjøp. Dei indirekte utsleppa utgjør ein mykje større del av kommunen sine utslepp enn dei direkte utsleppa, men talmaterialet er basert på omrekningar som gjer at sannsynet for feilkjelder er stor. På grunn av det store klimafotavtrykket har kommunen likevel valt å talfeste klimamål for indirekte utslepp sidan det uavhengig av presisjon i talgrunnlag utgjør ein svært stor del av kommunen sine klimautslepp.

Figur 7.3 Direkte og indirekte utslepp frå kommuneorganisasjonen

Utslipp tonn CO<sub>2</sub>e



Tonn CO<sub>2</sub> totalt  
6760,8

Tonn CO<sub>2</sub> per ansatt  
5

Tonn CO<sub>2</sub> per mill. omsetning  
7,3

Kjelde: Klimarekneskapen til kommunen

Bygg og anlegg: Innenfor denne kategorien har kommunen høgast utslepp knytt til investering, vedlikehald og byggtenester samt reinhald, vaskeri- og vaktmeister tenester.

Tenestekjøp: Størstedelen av utsleppa her kjem frå tenester frå andre private og frå eigne særbedrifter, samt restavfall til forbrenning.

Varekjøp: Her kjem det meste av utsleppa frå kategorien mat, etterfølgd av anna forbruksmateriale/råvarer.

## Mål og tiltak

<b>Hovudmål for indirekte utslepp:</b>					
Redusere indirekte utslepp frå kommuneorganisasjonen med 50 % i 2030 samanlikna med 2021-nivå.					
<b>Delmål 1: Redusere indirekte utslepp frå bygg og anlegg med 50 % i 2030 samanlikna med 2021-nivå.</b>					
Tiltak:	2023	2023-2026	Ansvar	Effekt	Kostnadsramme
Stille krav om utsleppsfrie (eller biogassbaserte) bygg- og anleggsplassar i kommunale prosjekt der det finst kommersielt tilgjengeleg teknologi.	x	x	Bygg og eigedom	Stor	Må avklarast
Utarbeide klimabudsjett og arealrekneskap for alle kommunale bygg- og anleggsprosjekt.		x	Bygg og eigedom/ Plan	Medium	Må avklarast
Bruke klimavenlege materialar i kommunale byggjeprosjekt og vedlikehaldsarbeid	x	x	Bygg og eigedom	Stor	Må avklarast
Unngå å bygge ned karbonrike areal som skog og myr mm.	x	x	Bygg og eigedom	Stor	Må avklarast
<b>Delmål 2: Redusere indirekte utslepp frå vare- og tenestekjøp med 50 % i 2030 samanlikna med 2021-nivå.</b>					
Tiltak:	2023	2023-2026	Ansvar	Effekt	Kostnadsramme
Kommunen må lage ei god oversikt over langsiktige innkjøpsbehov og anskaffingsplanar for økonomiplanperioden.	x	x	HR – system og kvalitet	Stor	Må avklarast
Stille krav om klima- og miljøvenlege løysingar ved alle innkjøp og anskaffingar.		x	HR – system og kvalitet	Stor	Må avklarast
Stille klimakrav og ha minimum 30 % miljøvekting i anbudsprosessar.	x	x	HR – system og kvalitet	Stor	Må avklarast
<b>Delmål 3: Ikkje auke indirekte utslepp frå transport og reiser i 2030 samanlikna med 2021-nivå.</b>					
Tiltak:	2023	2023-2026	Ansvar	Effekt	Kostnadsramme
Velje reisemåtar som gir minst mogleg utslepp i samarbeid med leverandør av reiser.	x	x	HR – system og kvalitet	Medium	Må avklarast
Betale klimakompensasjon for alle flyreiser i jobbsamanheng.		x	HR – system og kvalitet	Liten	Må avklarast

## 7.5 Indirekte utslepp frå energibruk i kommuneorganisasjonen

I klimarekneskapan er energibruk ein eigen kategori. Dersom ein ser på figur 3 lenger oppe ser det ut som dei indirekte utsleppa frå energibruk står for 3,5% av utsleppa til kommuneorganisasjonen. Men den utsleppsfaktoren for forbrukt elektrisitet er basert på utslepp knytt til produksjon i Norge, der norsk straum blir rekna som tilnærma utsleppsfri. Dersom ein baserer utsleppsfaktoren for elektrisitet på den europeiske kraftmarknaden vil kommunen ha mykje høgare utslepp i denne kategorien (frå 238 CO<sub>2</sub>e til 4202 tonn CO<sub>2</sub>e) og energibruk vil då vere kategorien med høgast utslepp i Sogndal kommune. Det er difor nødvendig å lage egne tiltak i klimabudsjetten for å redusere indirekte klimagassutslepp frå energibruk i kommuneorganisasjonen.


### Mål og tiltak

<b>Hovudmål for indirekte utslepp frå energibruk:</b>					
Redusere utslepp knytt til energibruk i kommunale bygg med 40 % i 2026 samanlikna med 2021-nivå					
<b>Delmål 1: Redusere energibruken gjennom energieffektivisering i kommunale bygg</b>					
<b>Tiltak:</b>	<b>2023</b>	<b>2023-2026</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Effekt</b>	<b>Kostnadsramme</b>
Kartlegge og gjennomføre energieffektiviserande tiltak ved oppgradering av kommunale bygg i 2023 og i resten av økonomiplanperioden.	x	x	Bygg og eigedom	Stor	Må avklarast
Krevje tilnærma nullenergistandard ved planlegging og bygging av alle kommunale nybygg i 2023 og resten av økonomiplanperioden.	x	x	Bygg og eigedom	Stor	Må avklarast
<b>Delmål 2: Redusere utslepp frå energibruk gjennom fornybar energiomstilling i kommunale bygg.</b>					
<b>Tiltak:</b>	<b>2023</b>	<b>2023-2026</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Effekt</b>	<b>Kostnadsramme</b>
Kartlegge og gjennomføre energieffektiviserande tiltak ved oppgradering av kommunale bygg i 2023 og i resten av økonomiplanperioden.	x	x	Bygg og eigedom	Stor	Må avklarast
Krevje nullutslepps energiproduksjon ved planlegging og bygging av alle kommunale nybygg i 2023 og resten av økonomiplanperioden.	x	x	Bygg og eigedom	Stor	Må avklarast

## 7.6 Direkte utslepp i Sogndal kommune som geografisk område

Miljødirektoratet sin statistikk for utslepp viser dei viktigaste kjeldene til direkte klimagassutslepp i Sogndal kommune og dekkjer åra 2009-2020. Diagrammet viser samla direkte utslepp av dei tre klimagassane CO<sub>2</sub>, metan (CH<sub>4</sub>) og lystgass (N<sub>2</sub>O) omrekna til tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i Sogndal kommune fordelt på ni sektorar.


Figur 7.4 Direkte utslepp frå Sogndal kommune 2009-2020



Det er berre utslepp frå produksjon og aktivitet innanfor kommunegrensa som vert rekna med i denne statistikken. Eit eksempel er klimagassutslepp frå eksosrøyret til ein dieselbil som vil vere inkludert under sektoren vegtrafikk, men berre utsleppa som skjer medan bilen køyrer innanfor kommunen sine geografiske grenser er teke med.

Det har vore ein nedgang i klimagassutslepp frå 2016 fram til 2020 og klimagassutsleppa i Sogndal vil truleg gå ned sjølv utan ein lokal klimapolitikk. Dette har mellom anna samanheng med at fleire køyretøy og maskiner blir elektrifisert. For at Sogndal kommune skal nå samfunnsmåla, må me likevel ha ein betydeleg lokal innsats, og kommunen spelar ei viktig rolle i implementeringa av den nasjonale politikken.

Figur 7.5 Vegtrafikk, landbruk og sjøfart har dei høgaste klimagassutsleppa i Sogndal kommune




I Sogndal kommune kjem mesteparten av dei direkte utsleppa frå sektorane jordbruk, vegtrafikk og sjøfart, som me ser tydeleg i figuren over og under. Desse vil difor bli presentert litt nærmare.

## Vegtrafikk



Figur 7.6 Direkte utslipp frå vegtrafikk syner at persontransport og tunge køyretøy står for det meste av utslappa




Kilde: Miljødirektoratet

Vegtrafikk utgjør den største utslippsskjelda i Sogndal kommune. Som me ser har det vore ein liten nedgang i utslipp frå personbilar, som også er ein trend på nasjonalt nivå. Dette skuldast ein kombinasjon av nyare bilpark med lågare utslipp per køyrte kilometer, større innblanding av biodiesel og fleire elektriske køyretøy.

## Jordbruk

Figur 7.7 Direkte utslipp frå jordbruk syner at fordøyingsprosessar står for det største utslippet




Kilde: Miljødirektoratet

Jordbrukssektoren er den nest største utslippsskjelda i Sogndal kommune og har nesten like høge utslipp som vegtrafikk. Som figuren syner har utslappa i jordbrukssektoren vore relativt stabile frå 2009 til 2020. Det er høgast direkte utslippet kjem frå fordøyingsprosessar hjå husdyr, etterfølgt av utslipp frå lagring av husdyrgjødsel. Lystgass frå gjødsling og liknande på jordbruksareal har lågast utslipp. Utslipp som skyldast energibruk og traktorkøyring er ikkje inkludert i rekneskapen for jordbruket, men er inkludert i sektoren anna mobil forbrenning.

## Sjøfart

Figur 7.8 Direkte utslepp frå sjøfart syner størst utslepp frå passasjerbåtar



Kilde: Miljødirektoratet

I Sogndal kommune kjem mesteparten av utsleppa frå passasjersjøfart. Dette er primært frå ferjene Hella-Dragsvik-Vangsnes og Bergens-båten. Ferjesambandet Mannheller-Fodnes har allereie teke i bruk elektriske ferjer og har difor mindre utslepp. Utsleppa i kategorien passasjerar har vore relativt stabile frå 2016 til 2020. Cruiseskip er den neste største utsleppskjelda om ein ser vekk frå pandemiåret 2020 som sat ein stoppar for cruiseturisme. Utslepp kjem i frå cruisebåtar som køyrer innom Sogndal sin kommunegrense på veg til Flåm eller Skjolden.

## Utsleppsramma i Sogndal kommune

Utsleppsramma i figuren under viser korleis dei framtidige utsleppsreduksjonane fordeler seg på dei forskjellige sektorane. Tala byggjer i stor grad på nasjonale målsetningar innanfor enkeltsektorane, særleg for dei store utleppsektorane.

Tabell 7.9 Utsleppsramma i Sogndal fram mot 2023

PROSENTVIS REDUKSJON SAMANLIKNA MED 2016-TAL												
Sektor	2016	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Vegtrafikk	15379	5 %	9 %	14 %	18 %	23 %	27 %	32 %	36 %	41 %	45 %	50 %
Jordbruk	15036	6 %	13 %	19 %	26 %	32 %	39 %	45 %	52 %	58 %	65 %	71 %
Sjøfart	13270	8 %	16 %	23 %	31 %	39 %	47 %	55 %	63 %	70 %	78 %	86 %
Anna mobil forbrening	11140	5 %	9 %	14 %	18 %	23 %	27 %	32 %	36 %	41 %	45 %	50 %
Avfall og avlaup	6333	5 %	9 %	14 %	18 %	23 %	27 %	32 %	36 %	41 %	45 %	50 %
Oppvarming	2299	4 %	7 %	11 %	15 %	18 %	22 %	25 %	29 %	33 %	36 %	40 %
Luftfart	772	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %
Industri, olje og gass	48	9 %	18 %	27 %	37 %	46 %	55 %	64 %	73 %	82 %	91 %	100 %
Energiforsyning	0	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %
<b>Totalt</b>	<b>64276</b>	<b>6 %</b>	<b>11 %</b>	<b>17 %</b>	<b>22 %</b>	<b>28 %</b>	<b>34 %</b>	<b>39 %</b>	<b>45 %</b>	<b>50 %</b>	<b>56 %</b>	<b>61 %</b>

## Mål og tiltak

**Hovudmål for direkte utslepp i kommunen (geografisk):**

Redusere utslepp i kommunen med 60 % samanlikna med 2016-nivå

**Delmål 1:** 50% redusert utslepp frå privattransport, bussar, varebilar og tunge køyretøy samanlikna med 2016-nivå

Tiltak:	2023	2023-2026	Ansvar	Effekt	Kostnadsramme
Vidareføre prosjektet designdrive persontransport til eit hovudprosjekt om el-sykkelsatsing og tilretteleggingstiltak for syklende og gåande i heile kommunen	x		Samfunnsutvikling/ Veg- og grøntanlegg	Stor	1 000 000
Prioritere vinterbrøyting av gangvegar og sykkelvegar	x	x	Veg- og grøntanlegg	Stor	Må avklarast
Etablere prosjekt for å styrke kollektivsatsinga saman med fylkeskommunen, busselskap, mikromobilitetsleverandørar etc.	x	x	Samfunnsutvikling	Stor	Må avklarast
Kartlegge og etablere el-ladepunkt for tilsette og innbyggjarar ved alle kommunale bygg/alle kommunale parkeringsplassar i kommunen.	x	x	Bygg og eigedom	Medium	Må avklarast

**Delmål 2:** Redusere utslepp frå jordbrukssektoren med 71% samanlikna med 2016-nivå.

Tiltak:	2023	2023-2026	Ansvar	Effekt	Kostnadsramme
Finne lokal pilot for nitrogenhaldig gjødsellagring og -handtering i landbruket i samarbeid med ReNeo.	x		Landbruk	Medium	Må avklarast
Etablere eit regionalt prosjekt for å redusere utslepp frå gjødsellagring og -handtering.		x	Landbruk	Stor	Må avklarast
Etablere eit regionalt prosjekt for å redusere utslepp av husdyrgassar.		x	Landbruk	Stor	Må avklarast

**Delmål 3:** Nullutslepp frå passasjerbåtar og cruisebåtar

Tiltak:	2023	2023-2026	Ansvar	Effekt	Kostnadsramme
Påverke til el-ferjer på Hella - Dragsvik - Vangsnes og nullutslepps hurtigbåt mellom Sogndal og Bergen.	x	x	Strategi og kommunikasjon	Stor	Må avklarast

**Delmål 4:** Redusere utslepp frå maskinar som går på avgiftsfri diesel med 50 % samanlikna med 2016-nivå.

Tiltak:	2023	2023-2026	Ansvar	Effekt	Kostnadsramme
Stille krav om utsleppsfrie (eller biogassbaserte) bygg- og anleggsplassar i kommunale prosjekt der det finst kommersielt tilgjengeleg teknologi.	x	x	Bygg og eigedom	Stor	Må avklarast

**Delmål 5:** Redusere utslepp frå avfallshandtering med 50 % samanlikna med 2016-nivå

<b>Tiltak:</b>	<b>2023</b>	<b>2023-2026</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Effekt</b>	<b>Kostnadsramme</b>
Jobbe vidare med prosjektet Sirkulært klimasprang på Kaupanger industriområde.	x	x	Sogn Næring	Stor	Må avklarast
Etablere gjenbrukstilbod i tettstadene i samarbeid med Simas og andre aktørar gjennom deltaking i KS sin Effektlab for sosialt entreprenørskap.	x	x	Samfunnsutvikling og frivilligheit	Stor	Må avklarast

## 8 Vedlegg

Handsaming og vedtak

Prishefte 2023

Budsjettnotat sjølvkostområde vatn, avløp og renovasjon